

Kamp mellom to vegar

*Nasjonalisme og marxist-leninisme i norsk
målstrid 1973-1989*

Sivert Ulltang Birkeland



Masteroppgåve i historie
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

UNIVERSITETET I BERGEN

20.11.2019

© Sivert Ulltang Birkeland

2019

Kamp mellom to vegar – Nasjonalisme og marxist-leninisme i norsk målstrid 1973-1989

Sivert Ulltang Birkeland

<http://bora.uib.no/>

Abstract

In this thesis, I examine the language political conflicts that influenced Norsk Målungdom, an organisation of youth advocating for the Nynorsk written standard of Norwegian, from 1973 to 1989. The conflicts in the 1970s were dominated by two language political wings that were termed the Social Wing and the National Wing. The Social Wing wanted to base the Nynorsk standard on “the living language of the people”. The National Wing, on the other hand, wanted the basis to be Nynorsk standard that Ivar Aasen designed in the 19th century. I analyse the Social Course in the 1970s, as it was elaborated by linguist Geirr Wiggen, and the National Course, as it was elaborated by a group of Marxist-Leninists in the Student Chapter of Norsk Målungdom (Studentmållaget) in Bergen, Norway. First, I analyse these language political courses based on nationalism theory to ask if they could be said to represent a type of political or cultural nationalism. Following this, I view the conflicts of the 1970s in the light of the conflicts of the political left in Norwegian politics during the same period, when there was a rivalry between the Marxist party Sosialistisk Valgforbund and the Worker’s Communist Party, Arbeidernes Kommunistparti (marxist-leninistene). I have analysed the beforementioned language political courses to see if they match the political ideologies of these two Marxist parties. Finally, I look at the controversy that arose in Norsk Målungdom in the mid-1980s regarding the political and ideological oppositions of the 1970s. In 1984, there was a change of course in Norsk Målungdom where a national one language course was approved. I examine what the consequences of this change of course were for the organisational practice of Norsk Målungdom, and which type of nationalism this course was based on.

Forord

Fyrst og fremst vil eg takke Norsk Målungdom og Studentmållaget i Oslo for tilgang til arkiva deira. Eg kunne ikkje ha skrive denne oppgåva utan denne tilgangen.

Ein stor takk går også til Svein Ivar Angell for god rettleiing og engasjement for prosjektet gjennom heile perioden.

Til slutt vil eg også rette ei takk til Eirik for framifrå korrekturlesing.

Bergen, 20. november 2019

Sivert Ulltang Birkeland

Innhald

1	Innleiing	1
1.1	Tema og problemstilling.....	1
1.1.1	Sentrale omgrep.....	2
1.1.2	Kjelder og metode	3
1.1.3	Tidlegare forskning	5
1.2	Nasjonalismeteori i målreisingskontekst	7
1.2.1	Målreising som nasjonsbyggingsprosjekt	8
1.2.2	Tokulturlæra og nasjonal kontinuitet	9
1.3	Splittingar i den radikale venstresida.....	11
1.3.1	Marxisme og nasjonalisme	13
1.3.2	Nasjonalisme og den norske m-l-rørsla.....	14
1.4	Struktur	15
2	Nasjonalisme i målstriden i 1970-åra.....	17
2.1	Innleiing.....	17
2.2	Den sosiale folkemålslina slik ho var utforma av Geirr Wiggen	19
2.2.1	Målstoda kring 1814.....	20
2.2.2	Det sosiale målsynet og Aasen-normalen	22
2.2.3	Folkemålet i 1970-åra.....	24
2.3	Den nasjonale eittmålslina til mål-m-l-arane i 1970-åra	26
2.3.1	Målstriden som nasjonal strid	27
2.3.2	Aasen-normalen	30
2.3.3	Kontinuitetsspørsmålet.....	32
2.4	Delkonklusjon.....	34
3	Marxisme i målstriden i 1970-åra	37
3.1	Innleiing.....	37
3.2	Marxistiske tolkingar av folkemålslina	39
3.2.1	Folkemålslina og den historiske materialismen	39
3.2.2	Reaksjonære konsekvensar av ei nasjonal line i målreisinga.....	42
3.3	Den nasjonale lina og den norske m-l-ideologien	44

3.3.1	Legitimering av det nasjonale standpunktet.....	45
3.3.2	Målstriden som ledd i den anti-imperialistiske kampen.....	47
3.3.3	Kampen mot opportunisme og revisjonisme i arbeidarrørsla	48
3.3.4	Progressive konsekvensar av ei nasjonal line i målstriden	50
3.4	Delkonklusjon.....	53
4	Lineskifte i 1980-åra	55
4.1	Innleiing.....	55
4.2	Målpolitisk lineskifte.....	56
4.2.1	Nytt sentralstyre og endring av kurs	57
4.2.2	Den nye tufta	61
4.2.3	Den organisatoriske praksisen i 1980-åra	63
4.3	Nasjonalismen i 1980-åra	66
4.3.1	Nasjonal identitet.....	68
4.3.2	Nasjonal frigjering.....	70
4.4	Delkonklusjon.....	72
5	Konklusjon	75
5.1	Nasjonalismeteorisk perspektiv	75
5.2	Marxismen og det nasjonale	77
5.3	Eittmålslina i 1980-åra.....	78
5.4	Forslag til vidare forskning.....	78
	Kjelder og litteratur	80

1 Innleiing

1.1 Tema og problemstilling

Hausten 1989 skipa det nyvalde styret i Studentmållaget i Oslo (SMiO) til ein høgtidskveld til minne om «målhøvdingen og målgranskaren Gustav Indrebø».¹ Kvifor enda ein gjeng med ungdommar i Oslo opp med å gurufisere ein målmann frå mellomkrigstida, som stod for ei målpolitisk line som sjølv i hans eiga samtid vart sett på som reaksjonær? Desse tankane fekk attpåtil fotfeste i rørsle i ei tid der ei liberalistisk høgrebølge skylte over landet. For å finne svar på dette må ein trekkje liner tilbake til 1970-åra, til EEC-kamp og ungdomsopprør, til arbeidarreising og marxist-leninisme.

Temaet for denne oppgåva er dei målpolitiske stridane som prega Noregs Mållag (NM) sin ungdomsorganisasjon Norsk Målungdom (NMU) i perioden 1973-1990. Eg skal gjere nasjonalismeteoritiske og politisk-ideologiske analysar av to målpolitiske liner som prega dei målpolitiske fløyene i Norsk Målungdom i 1970-åra. Eg skal ta føre meg det som gjerne vert referert til som den «sosiale lina» slik ho vart utforma av språkforskaren Geirr Wiggen, og det som vert referert til som den «nasjonale lina» utforma av marxist-leninistar i Studentmållaget i Bergen. Det ideologiske grunnlaget for desse linene vart utforma i høvesvis 1973 og 1974.

Vidare skal eg undersøkje korleis ein kan skjønne den politiske og organisatoriske praksisen i den nasjonale lina i 1980-åra, i lys av striden i 1970-åra. Oppgåva er avgrensa til ungdomsmålrørsle, som i hovudsak omfattar Noregs Mållag sin ungdomsorganisasjon Norsk Målungdom, og dei tilhøyrande lokallaga. Grunnen til at eg har lagt vekt på ungdomsmålrørsle, og ikkje målrørsle som heilskap, er at ei slik avgrensing gjer omfanget handterleg for ei masteroppgåve. Ordskiftet var også mest oppheta i denne delen av rørsle, noko som gjorde at det var der skilnadene mellom fløyene kom tydelegast fram.

¹ Halvårsmelding frå SMiO hausten 1989

Den norske målreisinga var ein sentral del av den norske nasjonsdanningsprosessen på 1800-talet og byrjinga av 1900-talet. Målrørsla er difor særskilt knytt til norsk nasjonalisme, og av den grunn høver det godt til å undersøkje henne i ein nasjonalismeteorisk kontekst. Målstriden i Norsk Målungdom i 1970-åra tok til i kjølvatnet av EEC-striden, som hadde skapt splittingar på den politiske venstresida. Striden kan difor også setjast inn i ein allmennpolitisk kontekst der partia AKP (m-l) og SV var i konflikt med kvarandre. Målstriden i 1970-åra var forankra i tradisjonelle motsetnader innan målrørsla. Nokre hevda at den norske målreisinga i hovudsak var ei nasjonal reising, medan andre la hovudvekta på det sosiale aspektet. Striden vart dermed ståande mellom det som har vorte kalla ei «nasjonal» og ei «sosial» fløy (eg skal klargjere desse omgrepa nedanfor).

Hovudproblemstillingane i denne oppgåva er: Kva kjenneteikna nasjonalismen i norsk målstrid i 1970- og 1980-åra? Korleis kan målstriden skjønast i lys av striden som prega den politiske venstresida i same periode? På kva måte kan ein skjøne utviklinga i NMU i 1980-åra i lys av dei politiske og ideologiske motsetnadene frå 1970-åra?

1.1.1 Sentrale omgrep

Når det kjem til dei to fløyene i målstriden, og dei tilhøyrande målpolitiske linene, kjem eg til å bruke ulike omgrep. «Den sosiale fløya» viser til den delen av målrørsla som ville at nynorsken skulle vere mest mogeleg dialekt nær. Dei ville at nynorsknormalen skulle byggje på det «levande folkemålet», og den ideologiske lina vart difor omtala som «folkemålslina». Motstandarane var «den nasjonale fløya», som meinte at nynorsken allereie representerte talemålet til folk, og at ein ikkje måtte la nynorsken verte påverka av bokmålet. Dei meinte at nynorsken var det einaste «norske» skriftmålet, og ville kjempe for at det skulle verte det einaste skriftmålet i landet, og den målpolitiske lina deira har difor fått tilnamnet «eittmålslina».

Den marxistisk-leninistiske-rørsla manifesterte seg i hovudsak gjennom partiet AKP (m-l), men rørsla omfatta mykje meir enn berre partiet og det partipolitiske arbeidet. M-l-rørsla hadde mange fraksjonar, og dei som var aktive i målrørsla, var ein av dei. Omgrepet «mål-m-l-arane» viser til ein fraksjon innan den nasjonale fløya, som heldt til i Studentmållaget i Bergen, og hadde band til AKP (m-l). Partiet tok aldri eit standpunkt i målspørsmålet, så den målpolitiske lina mål-m-l-arane utforma i 1970-åra, seier ikkje naudsynlegvis noko om m-l-rørsla, men koplinga til rørsla kan vere med å forklare den målideologiske lina.

1.1.2 Kjelder og metode

Eg skal undersøkje korleis aktørane i målstriden utforma dei målpolitiske linene sine i 1970-åra. For å kunne svare på hovudproblemstillingane er det difor mest føremålstenleg å gjere ein representasjonsanalyse. Det er ein metode som byggjer på ein tanke om at eit objekt ikkje i seg sjølv er meningsberande, men at det er menneskje som tillegg objekta mening.²

Kjeldematerialet består hovudsakleg av bøker, tidsskrift og arkivmateriale frå Norsk Målungdom og Studentmållaget i Oslo. Desse kjeldene skal eg analyserer for å finne ut av korleis dei ulike aktørane utforma dei målpolitiske linene sine.

Antologiane *Ny målstrid* og *Målstrid er klassekamp* (begge frå 1973), redigert av Geirr Wiggen, og Helge Sandøy sin antologi *Språk og politikk* vert i denne oppgåva brukt som kjelder. Begge to er språkforskarar, men dei var også aktørar i striden difor er desse bøkene kjelder som kan hjelpe til med å forstå den sosiale folkemålsina. Som delar av antologiane vart nokre av Halvdan Koht sine tekstar frå mellomkrigstida publisert att. Det vart samtidig gjeve ut bøker med tekstar av Gustav Indrebø, Koht sin motstandar frå mellomkrigstida. Desse tekstane må difor også vere ein del av kjeldegrunnet som skal analyserast, fordi dei ideologiske tekstane frå 1970-åra kommuniserte med dei ideologiske tekstane frå mellomkrigstida.

² Ryymin i Melve og Ryymin (red) 2018, s. 61

For å syne at den sosiale lina bygde på marxistiske tankar skal eg bruke Wiggen saman med Helge Sandøy sin artikkel *Marxismen og språket* frå boka hans *Språk og politikk*. Saman dannar desse eit grunnlag for å seie noko om bandet mellom den sosiale lina og ideologien til partiet SV, i 1970-åra.

Kampskriftet *Norsk målreising – kamp mellom to vegar*, publisert for fyrste gong i det marxistisk-leninistiske tidsskriftet *Materialisten* i 1975, er kjelde til den nasjonale lina, slik mål-m-l-arane utforma ho. M-l-arane henta på si side mykje inspirasjon frå Gustav Indrebø, som var Koht sin hovudmotstandar i mellomkrigstida. For å få grep om Indrebø sin ideologi skal artikkelsamlinga *Kva er målreising?* (1976) brukast. For å seie noko om ideologien til AKP (m-l) skal studiesirkelboka *Grunnsirkel i marxismen-leninismen Mao Tsetungs tenkning* (1976) fungere som kjelde. Boka gjev godt innblikk i ideologien fordi ho var meint både til intern bruk og til rekruttering. I tillegg skal det brukast flygeblad og tidsskriftet *Materialisten*, der det er føremålstenleg. Dei sistnemnte vert henta frå det digitale arkivet til www.akp.no, som inneheld mykje materiale frå m-l-rørsla.

Oppgåva byggjer i stor grad på arkivmateriale frå Norsk Mål ungdom og Studentmål laget i Oslo. Referat frå landsmøte, sentralstyremøte, landsstyremøte og liknande gjev innsikt i det interne ordskiftet i ungdomsmålrørsla og den organisatoriske praksisen. Studentmål laget i Oslo sitt tidsskrift *Mål og makt* gjev også innblikk i det interne ordskiftet. Arbeidsprogramma og tuftene (prinsippprogramma) som gjaldt i perioden, viser korleis dei målpolitiske linene vart utførte i praksis. Arkiva inneheld også flygeblad og liknande som gjer det mogeleg å sjå kva målpolitikk dei ville formidle utetter. Dette arkivmaterialet skal eg bruke for å kunne seie noko om den målpolitiske lina som dominerte NMU i 1980-åra.

Kjeldematerialet opnar ikkje for å skrive sjølvve organisasjonshistoria til NMU, i den aktuelle perioden. Dersom eg skulle gjort det måtte eg til dømes ha supplert arkivmaterialet med munnlegekjelder for å tette eventuelle hòl. Målet med oppgåva er ikkje å skrive den allmenne organisasjonshistoria til NMU, då måtte problemstillinga vore annleis. Eg skal sette målstriden inn i ein større kontekst, ikkje berre sjå striden for seg sjølv.

1.1.3 Tidlegare forskning

Tidlegare forskning på målrørsla i 1970- og 1980-åra har i all hovudsak hatt ei målpolitisk vinkling. Dei mest framståande forskarane er Olaf Almenningen, Helge Sandøy, Kristian Ihle Hanto og Lars S. Vikør. Ein fellesnemnar for desse er at alle var aktive i målrørsla i den aktuelle perioden, og alle var tilhengjarar av den sosiale folkemålslina, noko som har påverka kva dei har skrive om, og korleis dei har gjort det. Alle desse er også språkforskarar, noko som har ført til at dei har lagt vekt på sjølv språkutviklinga i undersøkingane sine. Eg skal med denne oppgåva setje hendingane i den aktuelle perioden inn i ei breiare kontekstuell ramme, der eg legg vekt på det nasjonalistiske aspektet og det allmennpolitiske aspektet ved stridane.

Noregs Mållag si jubileumsbok *Målreising i 75 år* (1981) og Studentmållaget i Oslo si jubileumsbok *Studentar i målstrid* (2003) skal eg bruke for å få eit overblikk over den aktuelle tidsperioden. Slike bøker går ikkje i djupna med analysar av ideologiar og liknande, men dei gjev eit godt, oversiktleg bilete over dei viktigaste hendingane og dei generelle ideologiske straumdraga som har prega målrørsla.

Den som har gått djupast inn i det ideologiske aspektet, er Kristian Ihle Hanto, med boka *Ideologiar i norsk målreising* (1986). Han meiner at kjernespora i den norske målreisinga har vore tilhøvet mellom talemål og skriftmål. Målet med boka er dermed å trekke dei lange linene, heilt frå Ivar Aasen, midt på 1800-talet, fram til eit vedtak i Språkrådet i 1984, om ordtilfanget i nynorsken.³ Resultatet av eit så langt tidsperspektiv er at Hanto ikkje har gått djupt inn i ideologiane; føremålet hans er å gje eit oversyn. I tillegg sluttar han i 1984, som er same året det vart ny strid i NMU. Dermed er det ikkje den delen av 1980-åra eg skal undersøkje i denne oppgåva, handsama i det heile. I boka legg Hanto vekt på korleis målrørsla, som heilskap og ulike fraksjonar innanfor rørsla, har stilt seg i tilhøvet mellom talemål og skriftmål.

³ Hanto 1986, s. 11 og 102

For å få innblikk i SV sin ideologi skal eg bruke Frank Rossavik si bok om SV si historie, *SV – Frå Kings Bay til Kongens bord*. Boka seier også noko om brotet mellom Sosialistisk Folkeparti (seinare SV) og ungdomsorganisasjonen Sosialistisk Ungdomsforbund i 1969, som seinare vart til AKP (m-l). Dette er med på å klargjere grunnlaget for striden mellom desse to partia i 1970-åra. Det vert hevda av både av Hanto⁴ og Almenningen⁵ at striden i NMU i 1970-åra hovudsakleg stod mellom AKP-arar og SV-arar, men ingen har gjort noko for å underbyggje påstanden. I denne oppgåva skal eg gjere analysar av dei to målpolitiske linene, med mål om å knyte dei til dei politiske ideologiane til partia.

Natalia Zubillaga har undersøkt m-l-rørsla sitt tilhøve til nasjonalisme, i masteroppgåva «*Det nasjonale spørsmål*» - *ml-bevegelsens nasjonale diskurs under EEC-debatten og kampen om Svalbard* (2007). Zubillaga meiner at retorikken til m-l-rørsla tok ei «nasjonal vending» under EEC-kampen, og at nasjonsomgrepet til rørsla endra meiningsinnhald. Funna til Zubillaga gjer det mogeleg å sjå på om nasjonalismen som prega m-l-rørsla, samsvarar med nasjonalismen i den nasjonale lina til mål-m-l-arane.

Det har vore gjort nasjonalismeteorisk forskning på målrørsla, men ingen har sett på hendingane etter den andre verdskrigen. Den mest framstående forskaren på dette feltet er Oddmund Hoel, som mellom anna undersøkte dette i doktorgradsavhandlinga si, *Målreising og modernisering i Noreg 1885-1940* (2009). Norsk nasjonalismeforskning generelt har i hovudsak lagt vekt på 1800-talet og tida fram mot den andre verdskrigen. Det mest omfattande forskingsprosjektet vart utført frå 1993 til 1997⁶ og resulterte i boka *Jakten på det norske – perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet* (1998), redigert av Øystein Sørensen. Sjølv om Sørensen tek føre seg ein annan tidsperiode enn denne oppgåva, gjev boka generell innsikt som er nyttig, og er til god hjelp for å setje nokre rammer for dei nasjonalteoretiske analysane i denne oppgåva. Hoel bidrog også til Sørensen sitt forskingsprosjekt i 1990-åra.

⁴ Hanto 1986, s. 81

⁵ Almenningen 1981, s. 279

⁶ Sørensen (red) 1998, s. 15

1.2 Nasjonalismeteori i målreisingskontekst

Språk har alltid spela ei sentral rolle i nasjonalistiske rørsler. Det vil difor vere relevant å sjå korleis ideologiane i målrørsla passar inn i ein nasjonalismeteorisk kontekst. Max Weber, som vert sett på som ein av dei fremste klassiske samfunnsvitarane, peika på bruken av felles språk for å legitimere ein stat som ei av dei mest tradisjonelle formene for nasjonal legitimering.⁷ Det ligg i namnet til den nasjonale lina at ho bygde på nasjonalistiske tankar, og spørsmålet vert då kva form for nasjonalisme lina representerte. Vidare vert det eit spørsmål om den sosiale folkemålslina også kan seiast å ha vore nasjonalistisk. Og representerer ho i så fall ei anna form for nasjonalisme enn den nasjonale lina?

Nasjonalisme er eit stort forskingsfelt innanfor både humaniora og samfunnsvitenskap, og er eit felt det kan vere utfordrande å navigere i. Dette har mellom anna bakgrunn i at sentrale omgrep har særst varierende meiningsinnhald. Sjølv omgrepet «nasjonalisme» har både positive og negative konnotasjonar knytt til seg. Det har negative konnotasjonar fordi det vert knytt til nazistar og nazistvenlege rørsler, medan det også vert sett på som positivt når det gjeld nasjonal frigjering: «For noen betyr det fedrelandskjærighet, frihetskamp, fellesskap og høye idealer som det er verdt å dø for; for andre er det nærmest en pest eller et livsfarlig virus som skaper massepsykose og irriterende voldsheter», skriv statsvitar og nasjonalismeforskar Øyvind Østerud.⁸

Nasjonalisme som forskingsfelt har lange tradisjonar og har vore prega av ulike diskursar og skular. Så det å skulle seie noko kort og generelt om feltet er både fånytt og lite føremålstenleg. Eg skal derimot operasjonalisere omgrepet, for å gjere det handterleg for denne oppgåva. Oppgåva skal føye seg inn i ein tradisjon innan forskinga på norsk nasjonalisme der omgrepa «politisk nasjonalisme» og «kulturell nasjonalisme» har vore sentrale analyseverktøy.

⁷ Weber i Hutchinson og Smith 1994, s. 22

⁸ Østerud 1994, s. 10

Anthony D. Smith, ein av dei fremste forskarane på nasjonalisme, knyt den politiske nasjonalismen til eit «statsborgarleg» nasjonsomgrep som byggjer på tanken om at ein nasjon vert definert av faktorar som felles territorium, lover og politiske institusjonar. Døme på slike nasjonar er Frankrike, Storbritannia og USA. Den kulturelle nasjonalismen er derimot knytt til eit etnisk nasjonsomgrep, som byggjer på tanken om at ein nasjon består av folk med felles etnisk opphav og kulturelle tilhøve, som felles språk og historie. Døme på slike nasjonar er Tyskland og andre sentral- og austuropeiske statar.⁹

Øystein Sørensen definerer politisk nasjonalisme som «ønsket om politisk selvstyre for ens nasjon» og kulturell nasjonalisme som «å oppdage (i kulturnasjonalistens selvforståelse) de særpreget nasjonale kulturelle elementene og å utbre dem i hele nasjonen for å skape et homogent nasjonalt fellesskap».¹⁰

Den politiske nasjonalismen byggjer på eit prinsipp om at eit individ, til ein viss grad, sjølv kan bestemme kva nasjon det vil høyre til, medan det i den kulturelle nasjonalismen er ein tanke om at ein vert fødd som ein del av ein spesifikk nasjon, og at sjølv om ein emigrerer, vil ein framleis høyre til den same nasjonen.¹¹ Dette er relevant for synet på norsk nasjonalisme sidan mange danskar flytta til Noreg etter 1814. Dermed oppstod spørsmålet om dei forblei danskar, eller om dei etter kvart kunne kallast nordmenn. I målstriden vart dette overført til at bokmålet hadde sitt opphav i dansk skriftmål, medan nynorsken var bygd på dei norske dialektene.

1.2.1 Målreising som nasjonsbyggingsprosjekt

Jakten på det norske – perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet står framleis som eit av dei mest sentrale verka om norsk nasjonalisme. Boka vert

⁹ Smith 2010, s. 43

¹⁰ Sørensen (red) 1998, s. 17

¹¹ Smith 2010, s. 43

innleia med artikkelen *Hegemonikamp om det norske – Elitenes nasjonsbyggingsprosjekter 1770-1945*, som er skriven av Øystein Sørensen. Artikkelen fungerer som ei form for oppsummering av heile forskingsprosjektet, og Sørensen hevdar i artikkelen at det i Noreg ikkje var snakk om éin nasjonsbyggingsprosess, men heller fleire nasjonsbyggingsprosjekt.

Sørensen trekkjer fram 14 nasjonsbyggingsprosjekt frå perioden 1770-1945, der språk spelar heilt sentrale roller i dei tre prosjekta han kallar «nasjonalromantikken», «Venstres nasjonaldemokratiske prosjekt» og «norskdomsrørslas¹² radikale kulturnasjonalisme». Av desse tre prosjekta peikar Sørensen på «Venstres nasjonaldemokratiske prosjekt» som ein av dei klare «vinnarane». Han kallar «nasjonalromantikken» for ein vinnar i ein meir «historisk begrenset forstand». ¹³ Sjølv om språket spelte ei sentral rolle for begge desse «vinnarane», vert norskdomsrørsla trekt fram som ein av dei klare «taparane». ¹⁴

Sørensen konkluderer med at dei vinnande prosjekta er gjennomgåande statsborgarleg orienterte, med unntak av nasjonalromantikken. ¹⁵ I ein nasjonalismeteoritisk kontekst har den norske nasjonsdanninga i hovudsak vorte sett på som eit vellukka statsborgarleg prosjekt, og dermed har ho vorte knytt til den politiske nasjonalismen. I motsetnad til dette står målrørsla, som har blitt merkt som eit kulturnasjonalistisk prosjekt. Korleis passar målstriden i 1970- og 1980-åra inn i ein slik nasjonalismeteoritisk kontekst?

1.2.2 Tokulturlæra og nasjonal kontinuitet

I dei nasjonalismeteoritiske analysane av dei målpolitiske linene i ungdomsmålrørsla i 1970- og 1980-åra vil tilhøvet til tokulturlæra og spørsmålet om nasjonal kontinuitet stå sentralt. Dette er to element som er sentrale i nasjonalismen som fenomen og i analysar av

¹² Norskdome er eit samleomgrep som ofte vart brukt om det meste som hadde å gjere med norske kulturuttrykk og nasjonal reising, og målsaka spelte ei sentral rolle.

¹³ Sørensen (red) 1998, s. 46

¹⁴ Sørensen (red) 1998, s. 35

¹⁵ Sørensen (red) 1998, s. 46

nasjonalismen og nasjonsdanningsprosessar. I Noreg har desse også spesiell tilknytning til målreisinga.

Tokulturlæra er «tankegangen om at det norske folket gjennom historia var delt i to kulturar, to stender, to folk eller to nasjonar»,¹⁶ og frå midten av 1800-talet vart ho eit sentralt punkt i debattane kring nasjonsbyggingsprosessane. Læra hadde forankring i norskdom, målsak og venstremiljø, og vart utvikla som opposisjon til det kulturelle og politiske hegemoniet embetsmennene hadde i det norske samfunnet.¹⁷ Historikar Jens Johan Hyvik hevda i boka *Tokulturlæra i norsk historie* at «[t]okulturlæra er kanskje det viktigaste ideologiske straumdraget på 1800-talet og var med på å prege den norske nasjonsbyggingsprosessen på ein grunnleggjande måte». Vidare skriv Hyvik at målsprøsmålet i stor grad bidrog til å utvikle tokulturlæra, og at ho ofte gjekk hand i hand med målsaka «som det fremste konkrete uttrykket for denne oppfatninga», ein samanheng han meiner Ivar Aasen sjølv bidrog sterkt til å etablere.¹⁹

Hyvik skil også mellom to hovudretningar innanfor tokulturlæra:

Den *radikale* retninga hadde færre motførestillingar og var sterkt kontrasterande. Ein angreip embetsstanden (og bybefolkningas) framandheit, og kolonisttanken stod sterkt. Han kan òg knytast til den såkalla tonasjonsteorien, som blei klarast formulert i enkelte målmiljø. Den *moderate* retninga hevda at det eksisterte ei kulturell og ei sosial kløft i det norske samfunnet som hadde historiske røter og framleis prega diskursen om det nasjonale i samtida.²⁰

Den moderate retninga bygde med andre ord på tanken om at det var store kulturelle og sosiale skilnader mellom dei norske bøndene og den sosiale eliten som hadde røter i Danmark. Den radikale retninga meinte derimot at det ikkje berre var snakk om kulturelle og sosiale ulikskapar, men at det var snakk om to ulike nasjonar: dei norske bøndene mot dei «danske» embetsmennene / den danske overklassen. Tonasjonsteorien vart sterkt knytt til målreisinga av forfattaren og målmannen Arne Garborg. I boka *Den ny-norske Sprog- og*

¹⁶ Hyvik 2016, s. 7-8

¹⁷ Hyvik 2016, s. 7-8

¹⁸ Hyvik 2016, s. 151

¹⁹ Hyvik 2016, s. 45

²⁰ Hyvik 2016, s. 149

Nationalitetsbevægelse (1877) tilla han «maalstræverne» synspunktet om at det fanst to nasjonar i Noreg.²¹ I kva grad kan den radikale og den moderate retninga av tokulturlæra seiast å ha vore gjeldande i målkampen i 1970- og 1980-åra?

Vidare er spørsmålet om nasjonal kontinuitet også sentralt. Historikar Svein Ivar Angell hevda i doktorgradsavhandlinga si, *Den svenske modellen og det norske systemet*, at «[i] Noreg var spørsmålet om kontinuitet i den nasjonale historia kanskje det mest sentrale i heile nasjonsdanningsprosessen».²² Etter over 400 år som lydrike under Danmark vart det naudsynt å legitimere eksistensen til ein sjølvstendig norsk nasjonalstat. Dette prøvde ein å gjere gjennom å finne ei form for nasjonal kontinuitet. Det vart gjort fleire forsøk på dette, den nemnde innvandringsteorien til Keyser var eit av dei, men det som er mest relevant for denne oppgåva, er tanken om at det var det norske språket som representerte denne kontinuiteten. Det norske språket hadde eksistert både før, under og etter dansketida, og vart difor brukt som prov på at nordmenn var eit eige folk – ein eigen nasjon.

1.3 Splittingar i den radikale venstresida

For å forstå målstriden i 1970-åra må vi sjå han i lys av dei allmennpolitiske motsetnadene mellom AKP (m-l) og SV,²³ som bygde ideologiane sin på ulike tolkingar av marxismen. Det marxistisk-leninistiske partiet AKP (m-l) hadde opphav i ungdomsorganisasjonen til SF, Sosialistisk Ungdomsforbund (SUF). I 1968 vedtok SUF ein marxistisk-leninistisk partistruktur, i form av demokratisk sentralisme, og programfesta proletariatets diktatur som eit uttalt mål i den politiske plattformen si.²⁴ På landsmøtet i 1969 forsøkte SUF-arane å kuppe moderpartiet og gjere SF til eit m-l-parti.²⁵ Forsøket feila og usemjene førte til at SUF skilde seg ut frå SF og danna partiet Sosialistisk Ungdomsforbund (marxist-leninistane), som seinare vart til partiet AKP (m-l).

²¹ Hyvik 2016, s. 101

²² Angell 2002, s. 85

²³ Heitte Sosialistisk Folkeparti (SF) fram til 1973.

²⁴ Rossavik 2011, s. 105

²⁵ Rossavik 2011, s. 119

Ein av dei grunnleggjande motsetnadene i ideologiane til SV og AKP (m-l) i 1970-åra gjaldt den historiske materialismen. Den historiske materialismen er ein grunnleggjande teori i den marxistiske ideologien, der ein ser den historiske samfunnsutviklinga i lys av produksjonstilhøva. Dei gamle sivilisasjonane hadde vorte erstatta av slavesamfunn, som hadde utvikla seg vidare gjennom føydalismen til eit kapitalistisk samfunn.²⁶ Då kapitalismen hadde utspela si progressive rolle var tanken at arbeidarane skulle ta makta, og ein skulle få eit sosialistisk samfunn (også kalla proletariatets diktatur), som igjen skulle utvikle seg til det endelege målet: eit klasselaust kommunistisk samfunn. I 1970-åra var det overgangen frå eit kapitalistisk til eit sosialistisk samfunn som var aktuell. Det var med grunnlag i denne overgangen AKP (m-l) og SV skilde seg frå kvarandre. AKP meinte det måtte væpna revolusjon til, medan SV meinte ein kunne oppnå det med politiske reformer.

I 1970-åra var m-l-arane aktive i mange ulike organisasjonar, og det vart vanleg praksis for dei å forsøke å kuppe desse organisasjonane, slik dei hadde forsøkt i SF. Dei ville skape kamporganisasjonar som skulle tene arbeidarane og den kommande revolusjonen. For at dette skulle gå lettast mogeleg, ville dei ha ein mest mogeleg «straumlineforma organisasjonsstruktur», som i praksis vil seie demokratisk sentralisme. Den demokratiske sentralismen er eit leninistisk prinsipp for partiorganisering, der tanken er at dersom ein skal kunne drive partiet på ein effektiv måte, må alle dra i same retning:

For at partiet skal kunne fungere riktig og lede massene planmessig, må det være organisert etter *sentralismens* prinsipper med enhetlige lover, med en enhetlig disiplin, med et enhetlig ledende organ i spissen – partikongressen, og i tida mellom kongressene – partiets sentralkomité; mindretallet må bøye seg for flertallet.²⁷

Det kunne vere diskusjonar internt i partiet, men det skulle stå fram som éi eining. Det var ikkje rom for diskusjonar så snart eit vedtak var fatta, mindretallet laut alltid bøye seg for fleirtallet. I studieboka *Grunnsirkel i marxismen-leninismen Mao Tsetungs tenkning* vert Mao sitert:

²⁶ Marx 2000, s. 114-118

²⁷ Ukjend 1976, s. 304

Vi må på ny fastslå partidisiplinen, nemlig: 1. Enkeltpersonen må underordne seg flertallet. 2. Mindretallet må underordne seg flertallet. 3. Lavere instanser er underordnet de høyere. 4. Hele partiet er underordnet sentralkomiteén. Den som krenker disse reglene for partidisiplin, undergraver partiets enhet.²⁸

Dette er relevant for denne oppgåva fordi det er ei veldig spesifikk form for organisatorisk praksis som er tett knytt til m-l-ideologien. Eg skal difor gjere analysar av den organisatoriske praksisen til Norsk Målungdom i 1980-åra, for å finne ut om han var påverka av m-l-ideologien.

1.3.1 Marxisme og nasjonalisme

Marxistar si haldning til nasjonale rørsler har vore eit tema sidan den tidlege historia til arbeidarrørsla. «Det nasjonale spørsmålet» er eit omgrep som vert brukt om marxistar sitt tilhøve til nasjonalisme og nasjonalistiske rørsler. Det har vorte stilt spørsmål ved korleis nasjonal sjølvbestemmingsrett og støtte til nasjonale sjølvstendekrav, har påverka klassekampen og den proletariske internasjonalsismen. «Marx' og Engels' prinsipielle holdning til nasjonale bevegelser var klar: hadde de progressive eller reaksjonære konsekvenser?», skriv Øyvind Østerud.²⁹ Når det gjeld det ideelle målet til internasjonalsismen, vart nasjonalismen sett på som eit borgarleg fenomen, eller «irrasjonell overtru», men frå ein meir pragmatisk ståstad kunne nasjonalismen bli oppfatta som ein reiskap som kunne tene ulike føremål, både progressive og reaksjonære.³⁰ Nasjonale rørsler og nasjonal sjølvhevdingskamp kunne hjelpe med å bryte ned føydale og autoritære samfunnsstrukturar, og kunne difor leggje grunnlaget for ei raskare utvikling av føresetnadene for sosialismen.³¹

Marxistar har med andre ord kunna ta nasjonale standpunkt, eller støtte nasjonalistiske rørsler, dersom dei meinte det gagna den sosialistiske samfunnsutviklinga. Ein slik tankegang førte mellom anna til at Marx og Engels støtta samlinga av Tyskland, fordi dei såg den nasjonale

²⁸ Ukjend 1976, s. 305

²⁹ Østerud 1984, s. 82

³⁰ Østerud 1984, s. 78

³¹ Østerud 1984, s. 81

samlinga av dei tyske småstatane som eit ledd i kampen mot leivningane av dei føydale institusjonane. Dermed meinte dei vegen mot det kapitalistiske leddet i samfunnsutviklinga vart beinare.³²

1.3.2 Nasjonalisme og den norske m-l-rørsla

I Natalia Zubillaga si masteroppgåve frå 2007, *Det nasjonale spørsmål*, tek ho opp bruken av nasjonalisme i den norske m-l-rørsla, i EEC-kampen og «kampen om Svalbard». Oppgåva dannar eit grunnlag for å samanlikne nasjonalismen i den målpolitiske lina til mål-m-l-arane med nasjonalismen til den norske m-l-rørsla. Zubillaga hevdar at m-l-rørsla fekk ei «nasjonal vending» under EEC-kampen, ved at meiningsinnhaldet i nasjonsomgrepet deira endra seg:

De begynte med nasjon som forutsetning for demokrati, men endte med den nasjonale klassen. [...] Nasjonaliseringen av klassen representerte også et forsøk på å fremstille arbeiderklassen som forvaltere av den nasjonale og folkelige kulturen. Anti-imperialismen var ikke kun en kamp mot økonomiske krefter, men med den fulgte også en kulturell trussel. Disse aspektene er karakteristisk for ml-bevegelsens nasjonalisme.³³

Ifylgje Zubillaga gjekk nasjonsforståinga til m-l-rørsla «fra å være politisk til å også bli en kulturell enhet som er truet, og som bør forvares av arbeiderklassen da denne fremstilles som i besittelse av en reell eller autentisk nasjonalfølelse».³⁴ Dette tyder på at rørsla fekk ei vridning mot det kulturnasjonalistiske:

Den nasjonale argumentasjonen gikk ikke fra klasse til nasjon, men den mest betydningsfulle endringen skjedde gjennom et forsøk på å etablere en nasjonalisering av klassen. Da nasjonen gikk fra å være et middel til et mål i seg selv i retorikken, hadde dette legitimitet gjennom den diskursive konstruksjonen der klassen var nasjonens forsvarere.³⁵

Denne forma for nasjonsforståing meiner Zubillaga skilde m-l-rørsla frå resten av nei-sida i EEC-striden. M-l-rørsla organiserte seg i Arbeiderkomiteen mot EEC og dyrtid (AKMED), medan resten av nei-sida i hovudsak vart manifestert gjennom «Folkerørsla mot norsk

³² Østerud 1984, s. 81

³³ Zubillaga 2007, s. 102-103

³⁴ Zubillaga 2007, s. 94

³⁵ Zubillaga 2007, s. 69

medlemskap i EEC». «Folkerørsla» var prega av den norske politiske venstresida og hadde ifylgje Zubillaga ein annan retorikk enn m-l-arane. For Folkerørsla stod blant anna Grunnlova og Stortinget sentralt, og det var mykje merksemd rundt på unionsoppløysinga i 1905.³⁶ Det peikar mot at dei hadde eit politisk nasjonalistisk syn på nasjonen. Dette dannar eit grunnlag for å undersøkje om dei målpolitiske linene i 1970-åra spegla denne skilnaden.

1.4 Struktur

Oppgåva er delt i tre analysekapittel. Temaet for det fyrste analysekapittelet er nasjonalisme i målstriden i 1970-åra. I kapittelet skal eg gjere nasjonalismeteoriske analysar av dei to målpolitiske linene, med mål om å finne ut i kva grad dei kan seiast å representere politisk eller kulturell nasjonalisme. Kva kriterium vart lagde til grunn for medlemskap i den norske nasjonen? Var tokulturlæra og spørsmålet om nasjonalkontinuitet sentrale i nasjonsoppfatninga til dei målpolitiske fløyene?

I det neste kapittelet skal eg kople dei målstriden i 1970-åra til den samtidige striden mellom AKP (m-l) og SV. Det skal undersøkjast i kva grad lina til Geirr Wiggen passa inn i SV-ideologien, og korleis mål-m-l-arane kopla den målpolitiske lina si til den norske marxistisk-leninistiske ideologien. I kva grad vart det brukt argument som hadde grunnlag i ein marxistisk tankegang, for å underbyggje haldningane til det nasjonale aspektet ved målreisinga?

I det siste kapittelet skal eg undersøkje korleis ein kan skjøne den nasjonale eittmålslina, som vann fleirtalet i NMU i 1980-åra, i lys av dei politiske og ideologiske motsetnadene frå 1970-åra. Kva kjenneteikna nasjonalismen i eittmålslina i 1980-åra? Korleis kan ein skjøne den organisatoriske praksisen i NMU i lys av motsetnadene frå 1970-åra?

³⁶ Zubillaga 2007, s. 52

2 Nasjonalisme i målstriden i 1970-åra

«Tilhøvet mellom norsk og tillempa dansk i dette stykket er som tilhøvet mellom eit jernspett og eit trespett. I eit knipetak kan vi greie oss med annarangs reiskap, men han gjer aldri fullgod nytte for seg».³⁷

2.1 Innleiing

Målrørsla hadde vore veldig aktive på nei-sida under EEC-kampen, i slutten av 1960-åra og byrjinga av 1970-åra. Det var difor ein stor siger for målrørsla då folkeavstemminga om medlemskapet enda med eit knapt fleirtal til nei-sida i september 1972. Ifylgje språkforskar Olaf Almenningen gav sigeren sjølvtilitt til målrørsla fordi han hadde vist at det var mogeleg å motarbeide «makta» i Noreg og å vinne.³⁸ Etter EEC-sigeren gav Norsk Målungdom seg til å drøfte den langsiktige målpolitikken sin. Ordsiftet som fylgde, delte ungdomsmålrørsla i to fløyer, som hadde rot i tradisjonelle målpolitiske motsetnader – den nasjonale mot den sosiale fløya. Den nasjonale fløya ville at skriftmålet skulle byggje på den konservative nynorsknormalen til Ivar Aasen, medan den sosiale lina ville at normalen til ei kvar tid skulle vere mest mogeleg dialekt nær. Begge fløyene henta fram gamle målideologar for å underbyggje dei målpolitiske syna sine:

I dette hundreåret [1900-talet] har det kome opp mange språkvitskaplige retningar, som alle har definert granskingsobjektet sitt noe ulikt. Og ikkje alt som tidlegare språkvitskapsmenn har hevda, er fullstendig avleggs i dag. Mange moderne tankar om språket kan syne slektskap med eldre teoriar.³⁹

Dette skreiv språkforskar Helge Sandøy i 1975.

Fløyene kjempa om å få gjennomslag for si målpolitiske line i den nye tufta (prinsippprogrammet) som skulle vedtakast for Norsk Målungdom. Striden i 1970-åra enda i 1976, men tufta som vart vedteken på landsmøtet, må seiast å ha vore eit kompromiss mellom dei to linene. Det kan likevel seiast at den sosiale fløya vann, fordi sentralstyret vart flytta frå

³⁷ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 26

³⁸ Almenningen 2003, s. 231

³⁹ Sandøy 1975, s. 15

Bergen til Oslo. Flyttinga førte til at sentralstyret vart dominert av folk frå Studentmållaget i Oslo, der fleirtalet støtta folkemålslina.

I dette kapittelet skal eg gjere nasjonalismeteoritiske analysar av den sosiale folkemålslina, slik Geirr Wiggen utforma ho, og den nasjonale eittmålslina slik ho vart utforma av mål-m-l-arane i Studentmållaget i Bergen. Der det er relevant, skal eg også peike på dei målhistoriske røtene linene bygde på. Desse linene kan seiast å ha representert ytterpunkta i dei to målpolitiske fløyene som stod mot kvarandre i striden i NMU i 1970-åra. Dei nasjonalismeteoritiske analysane skal svare på desse spørsmåla: Kva kjenneteikna nasjonalismen i norsk målstrid i 1970-åra? I kva grad kan den nasjonale og den sosiale lina i målstriden i 1970-åra seiast å byggje på det politiske eller kulturelle nasjonsomgrepet? For å svare på om linene representerer ei form for politisk eller kulturell nasjonalisme, skal eg undersøkje kva kriterium dei la til grunn for medlemskap i det nasjonale fellesskapet. Hadde det grunnlag i ei politisk nasjonsforståing, der kriteriet for medlemskap i nasjonen var knytt til oppslutning kring dei politiske demokratiske institusjonane? Eller hadde det grunnlag i ei kulturell nasjonsforståing, der kriteria var felles etnisitet, kultur og historie?

Geirr Wiggen utforma sin versjon av den sosiale lina i kronikken *Ny målstrid* (trykt i Dagbladet 13./14. mars 1973) og i innleiinga til boka *Målstrid er klassekamp* (1973), ein antologi som han redigerte saman med språkforskaren Eskil Hanssen. Hovudvekta i denne oppgåva vil liggje på innleiinga til *Målstrid er klassekamp* fordi det er den mest systematiske gjennomgangen Wiggen hadde av sitt syn på den norske målstriden. Mål-m-l-arane i Bergen utforma sin versjon av den nasjonale lina i kampskriftet *Norsk målreising – kamp mellom to vegar*, som stod på trykk for fyrste gong i m-l-tidsskriftet *Materialisten* i 1975. Det uttalte målet med kampskriftet var å få AKP (m-l) til å ta standpunkt i målspørsmålet, men det vart også eit innlegg i den målpolitiske debatten i NMU.

2.2 Den sosiale folkemålslina slik ho var utforma av Geirr Wiggen

Geirr Wiggen meinte at målstriden i 1970-åra var ein sosial strid. Han såg på «kulturkonflikter», slik som målstrid, som ein del av den politiske kampen og hevda at «[a]ll språkstrid er politisk strid, og de motsigelser som en finner i strider om språk og språkbruk i et samfunn, kan en bare forstå om en ser dem i sammenheng med den politiske aktiviteten i samfunnet».⁴⁰ Dette var grunnlaget for at Wiggen såg målstriden som ein del av klassekampen og arbeidarreisinga. I antologien *Målstrid er klassekamp* valde Wiggen å ta med mellom anna artikkelen *Arbeidarreising og målspråk* (1921) skriven av Halvdan Koht, for å underbyggje den målpolitiske oppfatninga si. I artikkelen skreiv Koht: «All samfundsstrid er ein klassestrid, - det hører til den sosialistiske barnelærdomen vår. Og målspråket er med i klassestriden. For her står det klassekrav mot klassekrav».⁴¹ Han knytte med andre ord også band mellom målstriden og den politiske striden elles i samfunnet.

Sjølv om målspråket aldri har stått øvst på dagsordenen hjå arbeidarrørsla, hevda Wiggen at «det *alltid* har vært krefter innenfor arbeiderbevegelsen som har gjennomskuet tilsløringene av de målpolitiske forholdene og klart sett målbevegelsens egentlige karakter og sosio-politiske tilknytning».⁴² Han meinte at Marcus Thrane og tilhengjarane hans allereie rundt 1850 var klare over at «overklassepråket mystifiserte og tilslørte de fundamentale motsetningene i samfunnet».⁴³ Vidare trekkjer han fram målmennene Olaus Fjørtoft og Halvdan Koht, som personar som har framheva målstrevet i arbeidarrørsla.⁴⁴ For å få betre grep om kvifor Wiggen meinte at striden ikkje kunne reknast som ein nasjonal strid, skal eg analysere Wiggen si framstilling av målsoga.

⁴⁰ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 9

⁴¹ Koht i Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 25-26

⁴² Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 13

⁴³ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 13

⁴⁴ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 13-14

2.2.1 Målstoda kring 1814

Geirr Wiggen si målsoge tok utgangspunkt i ein tanke om at «[d]e språklige forhold her i landet er særegne», og at bakgrunnen for desse tilhøva var knytt til «landets politiske historie, og linjene går langt tilbake».⁴⁵ Wiggen byrja i mellomalderen og skreiv at før dansketida «fantet det et norsk folkemål med flere dialekter, og det fantes et nasjonalt skriftspråk».⁴⁶ I dansketida legg Wiggen vekt på at dei nasjonale maktsentera vart brotne ned, statsorgana kom i forfall, og statsmakta vart sentralisert og flytta ut av Noreg. Dette resulterte mellom anna i at det norske skriftmålet forsvann, og vart erstatta av det danske. «Dansk skriftspråk stod aldri så sterkt i Norge som i åra etter unionsoppløsninga», hevda Wiggen.⁴⁷ Både før og etter 1814 såg Wiggen utfordringar i det norske samfunnet, i form av ei sosio-økonomisk kløft mellom ein over- og underklasse. Dette skiljet meinte han vart forsterka av språklege faktorarar:

I takt med utviklinga av produktivkreftene vokste det så smått fram en nasjonal norsk borgerklasse utover 1700-tallet, men særlig etter ca. 1840. Dette borgerskapet stod i opposisjon til embetsstanden, som hadde stor politisk makt. Men borgerstanden tok delvis etter embetsmannskulturen, som var forskjellig fra kulturen til resten av folket, og som i boklig dannelse helt og holdent var dansk.⁴⁸

Sjølv om borgarklassen i stor grad var skild frå det norske folket gjennom kultur, skriftspråk og dels talemål, kalla Wiggen det for ein «nasjonal norsk borgarklasse». Frå eit nasjonalismeteorisk perspektiv tyder dette på at han ikkje hovudsakleg la vekt på kulturnasjonalistiske faktorar som felles språk og kultur som kriterium for medlemskap i den norske nasjonen. Han ser heller ut til å ha lagt vekt på at dei var knytte til dei politiske institusjonane og territorialstaten Noreg, noko som peikar mot ei politisk nasjonsforståing.

Sidan Wiggen såg eit skilje mellom ein overklassekultur og ein underklassekultur, kan målsoga hans skjønast på bakgrunn av tokulturlæra. Han hevda at den herskande klassen hadde ein eigen kultur med røter i Danmark, og at skriftspråket deira var reint dansk: «Da unionsoppløsninga endelig kom i 1814 hadde borgerklassen i stor grad monopol på den litterære kulturen. De lot den beholde det danske preget, selv om det nok blei en del norske

⁴⁵ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 9

⁴⁶ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 9

⁴⁷ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 11

⁴⁸ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 10-11

innslag. Språklig var det dansk». ⁴⁹ Dette tolkar eg i retning av den moderate retninga av tokulturlæra, sidan han berre snakka om ulike kulturar, ikkje nasjonalitetar. Sidan Wiggen hadde Halvdan Koht som målpolitisk førebilete kan det tenkjast at han også i dette høvet var påverka av Koht. Koht meinte at det var to kulturar som stod mot kvarandre i Noreg: den nasjonale og demokratiske bondekulturen mot den framande embetsmannskulturen. Han tok sterk avstand frå den radikale tonasjonsteorien. ⁵⁰ Den moderate retninga av tokulturlæra kan koplast til ei politisk nasjonsforståing, fordi ho ikkje legg vekt på kulturell homogenitet som føresetnad for det nasjonale fellesskapet.

Wiggen knytte språket til maktutøvinga og til dei politiske institusjonane: «[...] det var naturleg for makthaverne å bruke dansk språk i maktutøvelsen i samfunnet; i sosiale institusjoner som embetsverk, kirke, skole og universitetet var bildet det samme». ⁵¹ Det er interessant ut frå eit nasjonalismeteorisk perspektiv fordi språket i hovudsak vert knytt til det kulturelle nasjonsomgrepet, medan det i det statsborgarlege vert fokusert på dei politiske institusjonane. Her kan det trekkjast liner til det Øystein Sørensen kalla «Venstres nasjonaldemokratiske prosjekt», som han klassifiserte som politisk nasjonalisme, men der språket også spelte ei sentral rolle. Wiggen meinte at dette ikkje berre var tilfellet i Noreg; han såg også liknande språktilhøve i tidlegare kolonistatar:

Virkningene av kolonitida viste seg først i samband med skriftspråket. Det var flere nasjonale store og små kultursentre – kongens hoff og kanselli, erkebispesetet, klostre, og stats- og rettsinstitusjoner. Alle disse institusjonene var sentrer for litterær kultur, og da de blei brakt til forfall, blei det umulig å opprettholde, videreutvikle og lære videre et nasjonalt skriftspråk. Koloniherrernes språk blir dominerende i kirkas språk og i statsadministrasjonen ellers. ⁵²

Slik Wiggen analyserte målstoda i Noreg kring 1814, ser han ut til å ha lagt størst vekt på tilhøyrsla til dei politiske institusjonane som kriterium for medlemskap i nasjonen, sjølv om han også var oppteken av kulturell og språkleg frigjering.

⁴⁹ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 11

⁵⁰ Hyvik 2016, s. 133

⁵¹ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 11

⁵² Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 10

2.2.2 Det sosiale målsynet og Aasen-normalen

For å betre målstoda i Noreg laut dei norske dialektene lyftast fram, sidan det ikkje fanst noko norsk skriftmål. Ifylgje Geirr Wiggen var Ivar Aasen «den første som hadde et riktig og gjennomført syn på språkforholda i Norge». ⁵³ Han hadde teke på seg oppgåva med å skape eit skriftmål basert på det norske folkemålet. Wiggen meinte at utgangspunktet og intensjonen til Aasen var god, men at «sosiale omsyn i målreisingsarbeidet kom med tida meir i bakgrunnen for språketymologiske^[54] omsyn». ⁵⁵ Wiggen meinte at nynorsknormalen Ivar Aasen konstruerte, ikkje var skikka til bruk på Austlandet, og spesielt ikkje hjå arbeidarane i byane: «Landsmålet er i for stor grad basert på vestnorske former og dels på en etymologisk tilbakeføring som ville gjøre det utjenelig i byene». ⁵⁶ Dette meinte Wiggen hadde resultert i at «mange ikke kjente målet sitt igjen i den nye norske normalen». ⁵⁷ Han argumenterte mellom anna for dette ved å peike på at dei som omfamna landsmålet til Aasen, stort sett hadde vore bønder og folk på bygdene, medan den veksande arbeidarklassen hadde gjort det i liten grad.

Dette meinte Wiggen hadde ført til at det vart konstruert «falske» motsetnader innanfor målrørsla og mellom målrørsla og arbeidarrørsla. ⁵⁸ Desse motsetnadene kom til uttrykk gjennom «kløftene»: «by og bygd» og «Austlandet og Vestlandet». Kløfta mellom bygd og by hadde ført til at målreisinga vart sett på som ei bonde- og bygderørsle, noko Wiggen meinte var «skjebnesvangert både for arbeiderbevegelsen og i målreisningsarbeidet». ⁵⁹

Grunnen til at han kalla dei «falske», var at begge desse kløftene i hovudsak er geografisk orienterte i staden for sosio-økonomisk. «By og bygd»-kløfta splitta arbeidarane og bøndene, som eigentleg hørde til den same sosio-økonomiske klassen. Dermed vart merksemda flytta vekk frå den «eigentlege» kløfta, «over- og underklassen», og bøndene og arbeidarane, som

⁵³ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 11

⁵⁴ Etymologi er ei grein av språkvitskapen dei ein studerer opphavet til, utviklinga av og slektskapet mellom orda.

⁵⁵ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 12

⁵⁶ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 14

⁵⁷ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 12-13

⁵⁸ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 13

⁵⁹ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 13

eigentleg burde stå saman i mål- og klassereisinga, vart sette opp mot kvarandre. Wiggen la også store delar av skulda på dei meir nasjonalorienterte delane av målrørsla:

Med tida fant betydelige reaksjonære grupper og talsmenn sin plass i målbevegelsen. De fikk målreisingsarbeidet til å framstå som ledd i gjenreisinga av en nasjonal storhetstid. De reaksjonære grupperingene stod rett nok aldri uimotsagt i mållaga. Men de bidrog sterkt til å tilsløre målstrevets sosialpolitiske grunnlag og dermed til å skape en avvisende holdning til målbevegelsen og nynorsk blant arbeiderne.⁶⁰

Her er det rimeleg å gå ut frå at Wiggen sikta til ein av Halvdan Koht sine motstandarar, Gustav Indrebø, og den nasjonale fløya i mellomkrigstida. Indrebø såg på tap av norske landeområder til Sverige og Danmark som ei ulukke, fordi det førte til at «det norske målvaldet minka».⁶¹

Geirr Wiggen meinte at det i 1970-åra i stor grad handla om å «gjenvinne det nivå i innsikt og erkjennelse»⁶² arbeidarrørsla og målstrevarane hadde hatt før den andre verdskrigen. Artiklane frå mellomkrigstida i antologien *Målstrid er klassekamp* var valde ut for å seie noko om, og tydeleggjere, denne «innsikta».⁶³ I *Arbeidarreising og målsprøsmål* (1921) hevda Halvdan Koht at merksemda etter overgangen til 1900-talet hadde flytta seg vekk frå skriftmålet i bøkene, og at ein no la større vekt på talemålet til folk.⁶⁴

For, om 'landsmålet' har vunne fotfeste på Vestlandet, Agder og some andre stader, så har bygdene austfjells og nordafjells no i stor mon samla seg om dei 'valfrie' d.v.s. folkenorske formene i det gamle riksmålet. På alle kantar er det såleis folkemålet som meir og meir tar makta, og når arbeidarane i byane får syn for at dette folkemålet er deiras mål òg, då kjem snart byane òg med i reisinga.⁶⁵

Med bakgrunn i dette kritiserte han nynorsknormalen til Ivar Aasen og meinte at han hadde lagt for mykje vekt på Vestlandet. Difor la han stor vekt på den austlandske målreisinga:

⁶⁰ Wiggen (red.) 1973, s. 6

⁶¹ Hanto 1986, s. 56

⁶² Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 7

⁶³ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 7

⁶⁴ Koht i Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 26

⁶⁵ Koht i Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 39

Skal han [austlendingen] få retten sin, lyt han endeleg ein gong lære seg til å stå på sin eigen grunn [...] Og reiser han sitt mål såleis som vestlendingen har reist sitt, da blir det tilsaman ei stor norsk reising. Det blir det norske folke som renskar tå seg den siste resten av fremmed-velde.⁶⁶

Det overordna målet med målreisinga for Koht var at nasjonen skulle samlast, og han såg føre seg at bøndene og arbeidarane skulle komme saman i målstrevet.⁶⁷ Han såg føre seg at nynorsken og bokmålet til slutt skulle smelte saman til eitt skriftmål – samnorsk. Samnorsktanken stod sterkt i målrørsla i mellomkrigstida og danna grunnlaget for rettskrivingsforma som vart vedteken i 1938. Han såg føre seg at samnorsken skulle verte eit mest mogleg ortofont⁶⁸ skriftspråk.

2.2.3 Folkemålet i 1970-åra

Geirr Wiggen avviste ikkje at målstriden hadde sitt opphav i nasjonale motsetnader, men han meinte at dette ikkje gjaldt i 1970-åra:

Den språklige motsetningen står ikke lenger mellom et norsk og et utenlandsk språk. Den fundamentale motsetningen står heller ikke mellom nynorsk og bokmål/riksmål, slik disse språkformene framstår som normaliserte institusjoner i dag. Skal vi få tak i klassemotsetningene slik de avtegner seg i språket, må vi se på språk-bruken og innføre begrepene *sosiolekt og maktspråk*.⁶⁹

Sidan Wiggen meinte at striden heller ikkje stod mellom målformene nynorsk og bokmål, støtta han det radikale bokmålet. Radikalt bokmål er eit omgrep som vert brukt om ei form for bokmål der ein brukar bokmålsformer som ligg nærare nynorsk og talemålet enn i konservativt bokmål og riksmål. Wiggen meinte at ei slik form for bokmål «med valgfrie former ville skape det samme gjennomslag for folkemålet i byene som landsmålet har gjort det for Vestlandet, Agder og en del andre steder».⁷⁰ Dette kan knytast til tanken om at nynorsken ikkje bygde i tilstrekkeleg grad på målføre frå Austlandet, og at radikalt bokmål difor ville passe betre for mange austlendingar, og spesielt for arbeidarar. Han meinte at «et bokmål basert på folkemålet ville ligge nærmere landsmålet enn riksmålet».⁷¹

⁶⁶ Koht 1977, s. 205-206

⁶⁷ Koht i Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 38

⁶⁸ At skriftspråket i størst mogleg grad speglar uttalen av eit språk.

⁶⁹ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 16

⁷⁰ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 14-15

⁷¹ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 14

Frå eit nasjonalismeteorisk perspektiv tolkar eg dette i retning av ei politisk nasjonsforståing, fordi Wiggen ikkje vurderte målformene ut frå det historiske opphavet. Han la ikkje vekt på at bokmålet opphavleg var dansk, medan nynorsken hadde sitt opphav i dei norske dialektene. Han såg vekk frå ei slik vurdering fordi han meinte bokmålet hadde vorte så norsk at det ikkje lenger var relevant å snakke om det danske opphavet.

Wiggen var ein pådrivar for samnorsken, men han ser ut til å ha tillagt omgrepet ei litt anna mening enn den «tradisjonelle», som Halvdan Koht stod for i mellomkrigstida, og som i stor grad hadde prega målrørsla i mellomkrigs- og etterkrigstida. Dette kjem fram av delar av det målpolitiske ordskiftet som gjekk føre seg i avisa *Dag og Tid* i 1974-1975, og som er gjeve att i Helge Sandøy sin antologi *Språk og politikk* (1975). Sandøy har valt ut nokre kronikkar som kritiserer Wiggen, etterfylgt av kronikken *Samnorsk og bokmål – ei presisering* av Wiggen sjølv, det han forsvarar synet sitt. Wiggen vart i desse kronikkane kritisert for si støtte til samnorsken av andre folkemålstilhengjarar, til dømes Olaf Almenningen.⁷² Geirr Wiggen forsvarar seg slik: «Med ‘samnorsk’ mener jeg et skriftmål som er en så god samnemner for folkemåla her i landet som råd er. I utviklinga av denne samnorsken må *folkemåla* være grunnlaget og målestokken, ikke de to skriftnormene vi har nå».⁷³ Tradisjonelt hadde samnorsken vore ein tanke om å smelte saman nynorsken og bokmålet til eitt skriftmål, og det var dette han vart kritisert for å meine. Men Wiggen meinte altså at samnorsknormalen skulle ta utgangspunkt i dialektene, ikkje i dei eksisterande skriftnormalane.

Ein slik skriftnormal, med utgangspunkt i «det levande folkemålet», skulle byggje på måten folket til ei kvar tid snakka. Korleis ein snakka og skreiv tidlegare, var med andre ord ikkje relevant. Wiggen ville at skriftmålet skulle spegle «den varianten av målføra som hver enkelt bruker naturligst og mest avslappa».⁷⁴ Dette medfører ein skriftnormal bygd på ortofoni, noko Halvdan Koht også hadde gjeve uttrykk for. Helge Sandøy støtta også dette synet og skreiv i *Språk og politikk*:

⁷² Almenningen i Sandøy 1975, s. 103-108

⁷³ Wiggen i Sandøy 1975, s. 118

⁷⁴ Wiggen i Sandøy 1975, s. 118

Ønskjer vi eit skriftmål som ligg nær talemålet, vil ei lydrett (ortofon) rettskriving by på store fordelar. Da prøver ein å gi att orda slik ein seier dei. Men når fleire målføre skal sameinast om *ein* normal, oppstår det brått vanskar. Skrift og tale kan ikkje bli eins. Den skilnaden som det da blir nødvendig å ha, må difor vere så systematisk og enkel at den er lett å lære.⁷⁵

Han meinte at ved å byggje på folkemålet fanga ein opp flest moglege dialekter, og nynorsk ville dermed verte lettare for ungane å lære. Men han anerkjende at ein uansett må «velje kven som skal li i kvart høve».⁷⁶

2.3 Den nasjonale eittmålslina til mål-m-l-arane i 1970-åra

I opposisjon til den sosiale folkemålslina Geirr Wiggen utforma, stod ei nasjonal eittmålsline utforma av mål-m-l-arar i Studentmållaget i Bergen. Den målpolitiske lina deira vart formulert i kampskriftet *Norsk målreising – kamp mellom to vegar*, trykt fyrste gong i AKP (m-l) sitt tidsskrift *Materialisten* i 1975. Men kampskriftet vart kjent allereie på seinsommaren 1974, etter NMU sin sommarleir på Evje.⁷⁷ Det uttalte målet med *Kamp mellom to vegar* var «å drive fram diskusjonen om kva linje partiet åt arbeidarklassen [AKP (m-l)] og heile kommunistrørsla skal velje andsynes målproblemet her til lands»,⁷⁸ og det var eit krav frå mål-m-l-arane i Bergen om at AKP (m-l) som parti måtte gå inn for å gjere nynorsk til det einaste riksmålet i landet. Språkforskar Olaf Almenningen hevda at det «opphavleg var tenkt til intern drøfting blant ml-målfolka», men at det enda opp med også å bli eit innlegg i prinsippogram-debattane i målrørsla.⁷⁹

Når det gjeld denne målpolitiske lina som vart utforma av m-l-arar kan ein spørje seg om det m-l-arar som hadde gått inn i målrørsla, eller om dei var målfolk som hadde vorte m-l-arar. For det fyrste vil eg tru at det var ei blanding; nokre var kanskje m-l-arar før dei vart med i Studentmållaget i Bergen, og andre vart kanskje rekrutterte til m-l-rørsla frå Studentmållaget.

⁷⁵ Sandøy 1975, s. 84

⁷⁶ Sandøy 1975, s. 87

⁷⁷ Hanto 1986, s. 81

⁷⁸ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 11

⁷⁹ Almenningen, 2003, s. 236

For det andre har det ikkje nokon særleg grad av innverknad på analysane eg skal gjere i denne oppgåva. Målet med analysane er å syne dei målpolitiske motsetnadene i NMU i 1970-åra, der m-l-rørsla var ein sentral aktør i striden. Striden i NMU skal ikkje undersøkjast som eit ledd i den politiske kampen til m-l-rørsla.

Analysen tek utgangspunkt i kampskriftet *Norsk målreising – kamp mellom to vegar*, men eg skal også peike på kvar dei henta inspirasjon frå tidlegare målideologar. Den målpolitiske lina som vart formulert i kampskriftet, skal etter kvart setjast opp mot den sosiale lina til Wiggen for å illustrere hovudmotsetnadene i målstriden i 1970-åra.

2.3.1 Målstriden som nasjonal strid

I *Kamp mellom to vegar* kravde mål-m-l-arane «full oppreising for det norske målet».⁸⁰ Dei såg på målstriden i Noreg som ein strid der språket til to ulike nasjonar stod mot kvarandre – norsk (nynorsk) mot dansk (bokmål).⁸¹ For å underbygge dette siterte dei frå Ivar Aasen sitt føreord i *Norsk Grammatik* (1864):

Man skulde have ventet at et Lands Almue ikke skulde behøve at Lære mere end Landets eget Sprog, og at Landets Høvdinger ogsaa skulde lære det same, om end de selv havde lært et andet Maal. Men i Stedet derfor brev det nu netop Almuen, som maatte lære to Sprog.⁸²

For å understreke dette skiljet mellom målformene kalla dei konsekvent nynorsken for «norsk» og bokmålet for «dansk-norsk». Dei gjekk så langt som å kalle folk som skreiv bokmål, for «tospråklege» fordi dei snakka norsk, i form av dialekta si, og skreiv «dansk-norsk».⁸³

I arbeidet med å løyse målstriden i Noreg «kunne ein ikkje freiste å bygge dei to tevlande nasjonalspråka i hop i einskap, men ein måtte bygge på dei samlande drag som finst i alle

⁸⁰ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 11

⁸¹ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 13

⁸² Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 13

⁸³ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 25

norske målføre».⁸⁴ Dei avskreiv med andre ord samnorsktanken til Halvdan Koht. Dette hadde i stor grad opphav i ein tese av Josef Stalin, frå artikkelen *Marxismen og språkvitenskapen*, som vart trykt i same utgåve av *Materialisten* som *Kamp mellom to vegar*. Artikkelen var opphavleg trykt i avisa *Pravda* i 1950, der Stalin tok eit oppgjær med lingvisten Nikolaj Marr sine språkteoriar. Stalin hevda at dersom to språk blei blanda, kom det eine til å «vinne» over det andre:

Kva hender når to språk blir blanda? 'I røynda er det slik at når to språk blir blanda', seier Stalin, 'at eitt språk blir sigerherre, det bergar den grammatiske bygnaden sin, bergar grunntilfanget av ord og utviklar seg etter sine indre voksterlover, medan hitt språket smått om senn misser kvaliteten sin og smått om senn døyrt bort.'⁸⁵

Mål-m-l-arane meinte difor at eit forsøk på å sameine dei to målformene kom til å ende med at den grunnleggjande grammatiske bygnaden og grunntilfanget av ord ikkje ville vere reint norsk. Dette meinte dei ikkje berre var gjeldande for samnorsken, men alle former for «tillempling av dansk», slik som positive innstillingar til det radikale bokmålet.

Sidan mål-m-l-arane såg på nynorsk og bokmål som to ulike språk, reagerte dei sterkt på Geirr Wiggen sin påstand om at den språklege motsetnaden ikkje lenger stod mellom eit norsk og eit utanlandsk språk. Dei stilte spørsmål om «kvar i all verdens land og rike er det blitt av det gamle målproblemet i Noreg? Er den gamle motsetninga mellom norsk og dansk-norsk løyst? Når skjedde det i så fall? I 1905 eller i 1945 kanskje?».⁸⁶ Dei argumenterte for at det ikkje var ein sosial strid fordi «[e]itt og same språk kan tene både borgarleg og sosialistisk kultur [...] Både sossespråk og fagsjargong t.d. må hente byggjesteinane sine frå eit nasjonalspråk».⁸⁷ Dette peikar mot ei kulturell nasjonsforståing fordi dei la vekt på det historiske opphavet til målformene.

Den sosiale fløya vart kritisert fordi «[l]øysinga dei kjem fram til er 'å forene de to nasjonale kulturer', det er utlagt: dei to språka som fanst i landet. Begge vart kalla 'nasjonale', og dermed har dei tuska bort den grunnleggjande skilnaden mellom dei to nasjonalspråka, dansk

⁸⁴ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 14

⁸⁵ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 16

⁸⁶ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 22

⁸⁷ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 16

og norsk».⁸⁸ Dette tydar på at mål-m-l-arane hadde ei oppfatning av det norske målstoda som kan seiast å vere i samsvar med den radikale tonasjonsteorien. Ein av dei fremste pådrivarane for tonasjonsteorien på 1800- og ved overgangen til 1900-talet var Arne Garborg. Denne teorien var førande i artikkelen hans *Vor nationale situation* (1900). «[H]er var kontrasteringa mellom dansk og norsk, det norske og det framande, dei herskande og dei som blir herska over, konsekvent gjennomført», skriv Hyvik.⁸⁹ Garborg meinte at målstriden viste at den gamle kløfta og dei gamle motsetnadene framleis eksisterte: «den nationale kløft er dyb».⁹⁰ Nasjonen var ikkje berre splitta av to målformer, den eine vart sett på som eit anna språk, utan røter i norske dialekter. Tanken om at dansken aldri kunne bli norsk, strekkjer seg heilt tilbake til Ivar Aasen, som meinte dansken mangla historisk og nasjonal legitimitet.⁹¹ Tonasjonsteorien kan seiast å reflektere ei kulturell nasjonsforståing, fordi det vart lagt vekt på det etniske opphavet til overklassen, noko som i målreisingskontekst vart forsterka av det språklege skiljet. Det norske språket, både i skrift og tale, var eit avgjerande kriterium for medlemskap i den norske nasjonen.

Øystein Sørensen definerte kulturell nasjonalisme som «å oppdage (i kulturnasjonalistens selvforståelse) de særpreget nasjonale kulturelle elementene og å utbre dem i hele nasjonen for å skape et homogent nasjonalt fellesskap».⁹² For mål-m-l-arane verkar det som om det fyrst og fremst er språket som representerte dette særpreget. Det var difor viktig for dei å fremje nynorsken som det einaste skriftmålet i landet, for å skape denne homogeniteten i den nasjonale fellesskapen. Dette illustrerer hovudmålet til den nasjonale eittmålslina: Det skulle berre vere eitt språk i den norske nasjonen, og det skriftlege uttrykket for dette var nynorsken. Dei meinte at «[t]ilhøvet mellom norsk og tillempa dansk i dette stykket er som tilhøvet mellom eit jernspett og eit trespett. I eit knipetak kan vi greie oss med annarangs reiskap, men han gjer aldri fullgod nytte for seg».⁹³

⁸⁸ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 17

⁸⁹ Hyvik 2016, s. 130

⁹⁰ Hyvik 2016, s. 130

⁹¹ Hyvik 2016, s. 67

⁹² Sørensen 1998, s. 17

⁹³ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 26

2.3.2 Aasen-normalen

Den nasjonale lina bygde også på eit prinsipp om at nynorsknormalen skulle ligge nærast mogleg talemålet til folket, men tilhengjarane meinte at ein nynorsknormal basert på ortofoni (slik tilhengjarane av folkemålslina ville ha) ikkje var den rette vegen å gå. Mål-m-l-arane meinte at «[n]år ein skal velje mønsterformer ut or dialektmangfaldet, er litt ‘konservative’ former stundom dei mest tenelege, fordi dei samlar størst variasjon opp i seg».⁹⁴ Dette meinte dei kom av:

Norske målføre i den forma vi finn dei i dag, er framvaksne av gamalnorsk. Der er då sjølvsagt både motseiing og einskap mellom den gamle og den nye norsken. Formverket og skrivemåten i norrønt kan derfor ofte gje rettleiing for den som skal setje opp ein moderne normal [...] Døme: adjektivet ‘hard’ er skrive etter regelen i gamalnorsk, men om ein skulle skrive det etter uttalen i moderne norsk, måtte det bli ‘har’ eller ‘hal’.⁹⁵

Det negative synet på ein normal basert på ortofoni kan sporast tilbake til det Gustav Indrebø skreiv i mellomkrigstida. Indrebø meinte også at ein ortofon skrivemåte ikkje kunne sameinast med grunnlaget til nynorsken, som var at han skulle byggje på alle målføre i landet. Eit skriftmål kan ikkje gje eit lydrett bilete av fleire ulike skrivemåtar på ein og same gong, meinte han. Indrebø trekte fram fleire døme på dette, mellom anna fleirtalsforma av ordet «hest»: «Når ‘hest’ i fleirtal heiter *hestar*, *hesta*, *hester* og *heste* i dialektane (ingi form hev absolut fleirtal) [...] so er det greidt at det eksisterer ikkje nokon ‘ljodrett’ skriftmålsræpresentant for kvart av desse ordi».⁹⁶ Med utgangspunkt i slike argument konkluderte Indrebø difor med at nynorsken ikkje kunne ha ein reindyrka ortofon skrivemåte dersom ein ville halde oppe idealet: å byggje på målføre frå heile landet. Den beste måten å løyse dette problemet på, meinte Indrebø, ville vere å finne former som var «*nokolunde* lette og greidføre for mange eller alle», sjølv om det då ville vere tilfelle der det ikkje vart heilt rett for alle.⁹⁷ I *Kamp mellom to vegar* peika mål-m-l-arane på nettopp at dei norske målføra har vakse fram av gammalnorsk, og at formverket og skrivemåten i norrønt difor ofte kan gje rettleiing til ein moderne nynorsknormal, sjølv om det vil vere både motseiingar og einskap mellom den

⁹⁴ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 15

⁹⁵ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 15

⁹⁶ Indrebø 1976, s. 128

⁹⁷ Indrebø 1976, s. 129

gamle og den nye norsken.⁹⁸ Dette gjer det tydeleg at dei var inspirerte av Indrebø då dei utforma den nasjonale lina si.

Mål-m-l-arane hevda at kritikarane «med urette hevda at Aasen ikkje studerte aust-norske og nordnorske målføre».⁹⁹ Her er det sannsynleg at dei sikta til Geirr Wiggen og Halvdan Koht, som hadde kritisert nynorsknormalen til Ivar Aasen for hovudsakleg å byggje på talemål frå Vestlandet. Mål-m-l-arane meinte at «prinsippet i Aasen-normalen, og i nynorsk-normalen heile tida sidan, har vore å hente byggjesteinane frå alt norsk mål, frå systemet som kan påvisast i alle dialektane».¹⁰⁰ Dei meinte at tilhengjarane av folkemålslina stilte det idealistiske kravet at skriftmålet skulle samsvare med dei einskilde dialektane på alle punkt. I tillegg hevda mål-m-l-arane at kritikarane baserte seg på den søraustre delen av Austlandet og ikkje heile landsdelen.¹⁰¹ Dei meinte at det var spor av sanning i at Ivar Aasen såg ned på bymåla og la mest vekt på bygdemåla:

Med ein viss rett har det vore hevda at Ivar Aasen mismæta bymåla til førmon for bygdemåla. No var han klar over at bymåla er norske dialektar, men han la vekt på at bygdemåla hadde berga meir av den norske språkbyggnaden. På Aasens tid budde òg det store fleirtalet av folket på landsbygda, skal vi hugse. Seinare granskning har vist at bymåla har halde seg norskare enn det Ivar Aasen rekna med, og det skulle berre styrke påstanden om at bymåla høyrer inn under nynorsken.¹⁰²

Dette kom altså av at Aasen meinte at bygdemåla hadde halde betre på den norske språkbyggnaden, og difor var meir eigna til å byggje eit norsk skriftmål på. Dei gjorde likevel eit poeng ut av at bymåla også passa inn under nynorsken og hevda at «[a]rbeidarklassen fell innanfor det store fleirtalet av nordmenn som bruker norske dialektar».¹⁰³

Også når det gjeld kritikken av nynorsknormalen til Ivar Aasen, kan det trekkjast parallellar til Indrebø, som i ein tale til Noregs Mållag sitt årsmøte i 1926, sa:

Landsmålet byggjer på målføri i heile landet. Det er sanningi. [...] Landsmålet er ikkje tenkt til, og er ikkje noko provinsmål. Det har sers mykje i seg som høyrer Vestlandet til, det er sant; for Vestlandet er

⁹⁸ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 15

⁹⁹ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 14-15

¹⁰⁰ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 14

¹⁰¹ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 14

¹⁰² Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 15

¹⁰³ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 25

òg ein lut av Noreg. [...] Men det femner so vidt, og det er so ålmeint i bygnaden sin, at på same tid gjev det fullt rom for hine landslutene òg. Og i mange viktuge ting styd det seg serskilt på Austlands-máli og austnorsk mål i det heile.¹⁰⁴

Indrebø gjekk meir filologisk til verks enn mål-m-l-arane, og argumenterte for at nynorsken har austlandske drag, mellom anna med fleirtals-r-en (skåler, hestar, soger). Denne r-en er, ifylgje Indrebø, gammaldags og har forsvunne ut av talemålet dei fleste stader i Noreg, spesielt på Vestlandet, men ein finn han endå i dei fleste dialektene på Austlandet. Dette kjenneteiknet frå austlandsmåla «grip djupt i målet», sa Indrebø.¹⁰⁵ Han meinte også at minst ni tidelar av folket hadde eit talemål med ei mønsterform som låg nærare nynorsk enn bokmål, og at det ikkje berre omfatta bygdene, men dei fleste byane også.¹⁰⁶

2.3.3 Kontinuitetsspørsmålet

Det har kome fram av analysen at mål-m-l-arane meinte at dei konservative formene var dei mest samlande, fordi alle dialektene hadde vakse ut av norrønt. Ved å sjå til dei norrøne formene trekte dei liner tilbake til tida før dansketida, og språket spelte då rolla som uttrykk for den nasjonale kontinuiteten. Dette kan knytast til eit kulturelt nasjonsomgrep, fordi det var det norske språket som vart trekt fram som kjenneteikn på det norske nasjonale fellesskapet. Det norske språket, som dei meinte nynorsken var det einaste skriftlege uttrykket for, strekte seg lenger tilbake enn historia til den moderne staten Noreg. Tanken om språket som kontinuitetsberar har lange tradisjonar i den nasjonale fløya av målrørsla.

Jens Johan Hyvik hevda at skriftmålet Ivar Aasen konstruerte, henta «legitimitet frå ein historisk kontinuitet mellom det gamle norrøne og ‘det nyere Norske’ talespråket».¹⁰⁷ Her kan det også trekkjast liner tilbake til Arne Garborg, som kring 1900 også såg språket som kontinuiteten til den norske nasjonen: «I dette sprog og i dets tradisjoner fra den ældste til den

¹⁰⁴ Indrebø 1976, s. 27

¹⁰⁵ Indrebø 1976, s. 28

¹⁰⁶ Indrebø 1976, s. 26

¹⁰⁷ Hyvik 2016, s. 67

nyere tid er saaledes forbindelsen mellom det gamle og et nytt Norge givent». ¹⁰⁸ I mellomkrigstida var det Gustav Indrebø som trekte fram språket som kontinuitetsberar.

Ut frå Indrebø's perspektiv, var det den nynorske skriftradisjonen – med røter tilbake til gamalnorsk – som representerte kontinuiteten i den nasjonale historia. Nynorsken burde difor haldast oppe i ei mest mogleg puristisk form, og verdien av han vart avgjort av i kor stor grad han vart skriven og tala slik som ein meinte at forfedrane hadde gjort det. ¹⁰⁹

Mellomkrigstida var ei tid der det som vart oppfatta som «uoppgjorte spørsmål» mellom Noreg og Danmark frå unionstida, vart teke opp. Det vart blant anna arbeid for å leggje ein del av Aust-Grønland under norsk suverenitet og å få utlevert norske arkivsaker frå riksarkivet i Danmark. I tillegg var Noreg ein ung stat, og det var viktig å legitimere nasjonalstaten. Dansketida vart trekt fram som sjølv kontinuitetsbrotet i saga til den norske nasjonen. Det var «ei rådande førestilling om at konfliktnivået i samtida ville minska dersom det lukkast å anten ta merksemda bort frå, eller rett og slett løyse kontinuitetsproblemet». ¹¹⁰ Dette førte også til at det danske kulturhegemoniet kom i søkjelyset her til lands, midt i den turbulente mellomkrigstida, trass i at det var over hundre år sidan lausrivinga frå Danmark. «Den høge temperaturen i språkspørsmålet, både på nynorsk- og riksmålssida, er eit vitne om kva engasjement dette problemet skapte i opinionen», skriv Angell. ¹¹¹

Mot slutten av 1930-åra hadde samfunnet lagt bak seg ein periode med mykje konflikt og oppsplitting av den nasjonale fellesskapen, skriv Svein Ivar Angell i boka *Den svenske modellen og det norske systemet*. Det var difor viktig i denne perioden å samle nasjonen. Angell hevdar at denne splittinga var eit resultat av dei negative sidene ved det moderne industrisamfunnet, som fyrst og fremst vart representert av ei radikaliserert arbeidarrørsle, som hadde splitta den nasjonale fellesskapen sidan byrjinga av 1920-åra. På det programmessige planet hadde rørsla forkasta nasjonalstaten som ei overordna ramme for identitet. ¹¹² Halvdan Koht såg målstriden som sentral i den nasjonale samlingsprosessen og som det siste leddet i å «reinske av seg framandveldet». For Koht var det «den nasjonale samvoksteren – altså konvergensten mellom dei ulike klassane i samfunnet – som representerte den nasjonale lina i

¹⁰⁸ Frå Angell 2002, s. 88

¹⁰⁹ Angell 2002, s. 87

¹¹⁰ Angell 2002, s. 87

¹¹¹ Angell 2002, s. 87

¹¹² Angell 2002, s. 87

historia».¹¹³ Han meinte med andre ord at ein ikkje kunne oppnå full nasjonal frigjering, i form av eit nasjonalt fellesskap av «frie klassar», i Noreg før målspeørsmålet var avklart.

2.4 Delkonklusjon

Nasjonalismen i målstriden i 1970 kan seiast å ha vorte kjenneteikna av at dei målpolitiske linene, slik dei vart utforma av Geirr Wiggen og mål-m-l-arane i Bergen, la vekt på ulike kriterium for medlemskap i det norske nasjonale fellesskapet. Den sosiale lina kan seiast å ha representert ei form for politisk nasjonalisme. Tilslutning til dei politiske institusjonane og territorialstaten Noreg ser ut til å ha vore dei avgjerande faktorane for medlemskap i det norske nasjonale fellesskapet. Den nasjonale lina ser derimot ut til å ha representert ei form for kulturnasjonalisme. Der la ein vekt på at ein måtte slutte opp om eitt språk: dei norske dialektene og det einaste skriftlege uttrykket for desse – nynorsken. Dette hadde opphav i eit særskilt historiesyn som mellom anna vart illustrert ved at dei meinte at bokmålet aldri kunne verte eit norsk skriftmål, sidan det hadde sitt opphav i det danske språket. Dei to fløyene hadde difor ulikt syn på grunnlaget for striden i 1970-åra.

Både den radikale og den moderate retninga av tokulturlæra kan seiast å ha vore gjeldande i målstriden i 1970-åra. Den sosiale fløya var oppteken av at den norske historia var prega av eit skilje mellom to ulike kulturar, ein overklasse- og ein underklassekultur. Men dei meinte ikkje at dette førte til nasjonale splittingar. Den nasjonale fløya ser derimot ut til å ha vore tilhengjarar av tonasjonsteorien. Dei meinte at det norske samfunnet var splitta av ein norsk nasjonal klasse og ein dansk borgarleg overklasse, og at ein difor ikkje kunne oppnå full politisk frigjering før ein hadde fått kulturell einskap.

Når det gjeld spørsmålet om nasjonal kontinuitet, såg den nasjonale fløya ein kontinuitet i det nynorske skriftmålet som gjekk tilbake til norrønt. Dei meinte at dialektane hadde vakse ut av det norrøne målet, og at det difor representerte kontinuiteten mellom det gamle og det nye

¹¹³ Angell 2002, s. 87

Noreg. Det var difor viktig at nynorsknormalen ikkje vart påverka av bokmålet eller «dansk-norsk» talemål. Den sosiale fløya såg ein kontinuitet i folkemålet. Det vart peika på at folkemålet eksisterte før, under og etter unionen med Danmark, og at det difor var eit kjenneteikn på den norske nasjonen. I tillegg vart det lagt vekt på at folkemålet hadde vorte halde oppe av den sosio-økonomiske underklassen, først i form av bøndene og seinare arbeidarane.

3 Marxisme i målstriden i 1970-åra

«Målreisings saga gjev oss mykje tilfang til å auke medvitet om kampen mellom dei to linene og mellom ekte og falsk marxisme».¹¹⁴

3.1 Innleiing

Målsaka hadde nærast noko religiøst over seg, men var ingen sundagsskule. Frontane i Målungdommen var steile, rivningane harde. Ulike fløyer slost som hund og katt, og alt og alle vart blanda inn i den ideologiske striden om det rette synet på nynorsken. Det var SV mot AKP (m-l), dei 'sosiale' mot dei 'nasjonale', Bergen mot Oslo, til og med nasjonalitetspolitikken til Josef Stalin vart dregen inn. Ikkje rart det vart spektakkel!¹¹⁵

Slik vert målstriden i 1970-åra skildra i biografien om SV-politikaren Oddny Miljeteig. Olaf Almenningen, som også var aktiv i målrørsla i perioden, hevda også at det stod SV-arar og AKP-arar på kvar side av målstriden i 1970-åra, og «[d]elvis kan det heile sjåast som eit ledd i den allmenne polariseringa mellom SV og AKP (m-l)», meinte han.¹¹⁶ Sidan AKP (m-l) hadde sitt opphav i utbrytarar frå Sosialistisk Folkeparti (som seinare vart til SV), var det ikkje uvanleg med konflikhtar mellom partia i denne perioden. I dette kapittelet skal eg undersøkje korleis målstriden kan skjønast i lys av striden som prega den politiske venstresida i 1970-åra.

Analysane førre kapittel viste at ein av hovudskilnadene mellom dei målpolitiske linene i 1970-åra var om målstriden i hovudsak var ein sosial eller ein nasjonal strid. Geirr Wiggen argumenterte for at det nasjonale aspektet var til hinder for målreisingsarbeidet, mellom anna fordi det ville føre til språketymologiske tilbakeføringar som gjorde at folk ikkje ville kjenne talemålet sitt att i skriftmålet. Mål-m-l-arane meinte derimot at det nasjonale aspektet var det mest sentrale, fordi striden framleis stod mellom nasjonalmålet (nynorsk) og eit utanlandsk språk (bokmålet, som dei framleis meinte var dansk).

¹¹⁴ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 12

¹¹⁵ Mjør 2019, s. 58

¹¹⁶ Almenningen 1981, s. 279

Dette er relevant fordi det kan koplest til ideologiane til AKP (m-l) og SV, som var baserte på ulike tolkingar av marxismen, ein ideologi som opnar for ulike syn på det nasjonale spørsmålet. Statsvitar Øyvind Østerud hevda nasjonale rørsler kunne støttast og utnyttast

[...] i kampen mot føydale samfunnsformer og dynastiske imperier; de måtte overskrides i utviklingen mot proletarisk internasjonalisme. Dette generelle budskapet ga rom for motstridende tolkingar og strategisk uenighet nesten overalt hvor det nasjonale spørsmål ble stilt.¹¹⁷

Det var med andre ord opp til dei einskilde marxistiske grupperingane å vurdere om nasjonalismen var eit progressivt eller reaksjonært innslag i samfunnsutviklinga. Splittingar i synet på nasjonalismen er difor ein inngang til å studere målstriden i 1970-åra i lys av konflikhtar på venstresida. Korleis kan dei målpolitiske linene skjønast i lys av dei marxistiske ideologiane til AKP (m-l) og SV? Eg skal også undersøkje korleis den generelle teorien Østerud presenterer, som seier at marxistar kunne sjå på nasjonalismen enten som reaksjonær eller progressiv, kan lyssetje dei to målpolitiske linene.

AKP (m-l) hadde ein totalitaristisk ideologi, som tyder at dei ville bygge eit samfunn der den politiske ideologien gjennomsyra alle delar av sivilsamfunnet. Partiet tok aldri eit offisielt standpunkt i målsørsmålet. Den nasjonale lina, slik mål-m-l-arane utforma henne, seier difor ikkje naudsynlegvis noko om AKP (m-l). Koplinga til m-l-ideologien er likevel viktig fordi ho kan forklare kvifor mål-m-l-arane utforma ei målideologisk line med røter i ein konservativ tankegang. Det kan også forklare noko om nasjonalismen som prega den målpolitiske ideologien deira. Den totalitaristiske ideologien gjorde at m-l-arar i nær alle tilfelle forsøkte å kuppe organisasjonane dei var med i, for å gjere dei til kamporganisasjonar. Dette innebar mellom anna å innføre ein demokratisk sentralistisk organisasjonsstruktur, for å gjere organisasjonen «meir straumlineforma».

¹¹⁷ Østerud 1984, s. 83

3.2 Marxistiske tolkingar av folkemålslina

I boka *SV – Frå Kings Bay til Kongens bord* hevda journalist Frank Rossavik at SUF si programfesting av marxismen-leninismen og proletariatets diktatur i 1968 «var en krigserklæring mot det erklært parlamentariske og reformistiske SF». ¹¹⁸ SV «ville helt fra starten av representere et ‘tredje standpunkt’ [...] mellom DNAs reformisme og NKPs ‘proletariatets diktatur’». ¹¹⁹ Partiet plasserte seg mellom ein sosialdemokratisk og ein kommunistisk ideologi. Finn Gustavsen, ein av dei mest sentrale personane i danninga av partiet, formulerte det ideologiske grunnlaget slik:

Men målet må også være en indre sosialistisk politikk som er revolusjonær, dvs. peker framover mot en grunnleggende omdanning av det norske samfunnet ved fredelige midler. De nordiske velferdsstater er nådd langt i produksjonsnivå og levestandar, men har samtidig utviklet seg mot forbruker- og klatresamfunnet med kapitalismens ensidige dyrking av materielle goder. Vår visjon er et annet samfunn med fullt demokrati i det økonomiske liv og en rik utfoldelse for hvert enkelt menneske så vel i arbeidet som i fritida. ¹²⁰

Dette syner at den historiske materialismen til Karl Marx var gjeldande i SV-ideologien. Den historiske materialismen er eit av dei mest sentrale elementa i marxistiske ideologiar. Teorien byggjer på eit deterministisk syn på samfunnsutviklinga, der utviklinga av produksjonssystema og -tilhøva vert sett på som den drivande krafta. AKP (m-l) meinte at det var naudsynt med ein væpna revolusjon for å nå det neste steget i samfunnsutviklinga, medan bygde SV på ein tanke om at det var mogeleg å oppnå dette gjennom politiske reformer, innanfor rammene av det parlamentariske systemet.

3.2.1 Folkemålslina og den historiske materialismen

Geirr Wiggen hadde som mål med boka *Målstrid er klassekamp* å vise at det var «en oppgave for norske *sosialister* å reise ny målstrid», og meinte at det var arbeidarrørsla som skulle drive utviklinga framover. Han kopla målstriden saman med det aukande medvitet om klassemotsetnadene i samfunnet, som voks fram på 1800-talet:

¹¹⁸ Rossavik 2011, s. 112

¹¹⁹ Rossavik 2011, s. 99

¹²⁰ Gustavsen i Skard (red) 1967, s. 26

Målreisingas sterke og raske vekst må vi forstå som del av den sosiale og politiske oppreist som fant sted i folket frå midten av forrige hundreåret [1800-talet] fram til siste verdenskrig. Målstriden er og har i sin kjerne alltid vært politisk strid. Den er uttrykk for den grunnleggende motsetning mellom det breie lag av folket og makthaverne/overklassen.¹²¹

Målet med klassekampen var å avskaffe kapitalismen og innføre eit sosialistisk samfunn. Det er difor rimeleg å gå ut frå at Wiggen såg målreisinga som eit middel i utskiftinga av den kapitalistiske overklassen – ein kamp mot overklasse målet var ein kamp mot overklassen.

Geirr Wiggen ser i alle fall ut til å ha teke utgangspunkt i den historiske materialismen som forklaringsfaktor for samfunnsutviklinga i sin versjon av den norske målsoga:

I mellomalderen fantes det et norsk folkemål med fleire dialekter, og det fantes et nasjonalt skriftspråk. Under den lange unionstida (1390-1814) blei de nasjonale maktsentrene etter hvert brutt ned, statsorganene kom i forfall, og statsmakten blei meir sentralisert og lå utenfor landet. [...] Næringsgrunnlaget var primærnæringene og samfunnsordninga føydalistisk. Føydalherrene var helst dansker eller danskvennlige nordmenn [...] Den seinere utviklinga av produksjonssystemet tar etter hvert en retning som bærer i seg en kime av kapitalisme, samtidig som statsmakten engasjerer seg meir og tiltvinger seg meir makt.¹²²

Wiggen la vekt på utviklinga av samfunnsordninga i samband med utviklinga av produksjonssystemet, som han meinte utvikla seg under dansketida til å bli føydal og vidare mot kapitalisme. Han skreiv også at han håpa å ha «klart å vise hovedlinjene av norsk språkhistorie i nyere tid med utgangspunkt i en sosialistisk samfunnsforståelse».¹²³ Dette historiesynet gjer, saman med vektlegginga av målstriden som ein del av klassekampen, at det marxistiske grunnlaget i den målpolitiske lina hans må seiast å vere tydeleg.¹²⁴

Språkforskar Helge Sandøy var også tilslutta den sosiale fløya, og i 1975 redigerte han antologien *Språk og politikk*, der han mellom anna gjorde marxistiske vurderingar av målstriden. Dette gjorde han hovudsakleg i artikkelen *Marxismen og språket*, der han

¹²¹ Wiggen (red.) 1973, s. 6

¹²² Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 9-10

¹²³ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 12

¹²⁴ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 5-6

argumenterte for at Stalin sin artikkel (som mål-m-l-arane hadde bygd mykje av si line på) «høyrer til historia, og den bør vurderas einast som eit dokument i sovjetisk vitskapssoge». ¹²⁵

Sandøy meinte at Stalin si tolking av tilhøvet mellom språket og dei drivande kreftene i samfunnsutviklinga var feil. Stalin argumenterte for at språket står utanfor basisen (produksjonstilhøve, produksjonsmiddel og produktivkreftene i samfunnet) og overbyggnaden (lover, politikk, religion og filosofi). «Språket si rolle som tenar i omgangen mellom menneske er ikkje å tene ein klasse til meins for andre klassar, men å tene heile samfunnet og alle klassar i likt mon», hevda Stalin. ¹²⁶ Helge Sandøy argumenterte på si side for at språk og makt heng saman:

Vi har her i landet mange *språkvariantar*, det gjeld i talemålet både målføre og sosiolektar og i skriftmålet ulike rettskrivingsvariantar. [...] Alle desse språkvariantane er ikkje jamstelte i samfunnet, dei fungerer ikkje likt sosialt sett. Men når noen variantar blir rekna for betre, penare og rettare enn andre, grunnar ikkje det seg på vurderingar av systemet i dei ulike variantane. Kvar for seg er dei gode nok, dei fungerer som fullgode kommunikasjonsmiddel og uttrykksmiddel for dei som brukar dei. Hedmarksbonden er like godt tent med sitt målføre som skipsreiaren med sitt riksmål. [...] Difor må vi sjå på den posisjonen riksmålet har, som uttrykk for at den sosiale eliten i Norge ser på det målet som sitt klassemerke, og den bruker det som ein reiskap i maktutøvinga si. ¹²⁷

Sandøy meinte klasemerkinga av språket gjorde at «[s]pråktilhøva gir eit bilde av utviklinga i den økonomiske grunnvollen», og at ein difor best kan forstå desse tilhøva dersom ein ser dei som ein del av overbyggnaden. ¹²⁸ For å illustrere poenget sitt samanliknar Sandøy språket med ein bil. Ein bil, skriv han, kan reknast som ein arbeidsreiskap, knytt til transport i produksjonslivet. I dette høvet er bilen eit produksjonsmiddel, i det at han ikkje er klassemerkt og difor kan tene ulike samfunnsklassar. Men i det samfunnet gjer bilen til eit statussymbol, ved å leggje vekt på utsjånad og liknande, vert han klassemerkt. Då vert han eit kulturfenomen som best kan forståast i eit tilhøve der han er avhengig av den økonomiske grunnstrukturen i samfunnet. «På same måten», hevdar Sandøy, «må vi sjå språket, både som eit kommunikasjonsmiddel og som eit kulturfenomen som høyrer heime i overbyggingen». ¹²⁹

¹²⁵ Sandøy 1975, s. 22

¹²⁶ Stalin, *Materialisten* nr. 1-75, s. 45

¹²⁷ Sandøy 1975, s. 25

¹²⁸ Sandøy 1975, s. 27

¹²⁹ Sandøy 1975, s. 29

Sandøy meinte at språket kunne ha «revolusjonært medvit» i den politiske kampen, dersom ein rekna med eit dialektisk¹³⁰ tilhøve mellom basis og overbyggnad, sjølv om det primært er basisen som gjev føresetnadene for overbyggnaden. Som døme på dette brukar han kvinnekampen, som var sentral i det norske samfunnet i 1970-åra: «Når kvinnesaksforkjemparane arbeider for å endre kjønnsdiskriminerande nemningar (t.d. formann, fylkesmann o.fl.), er det for di dei meiner det vil verke medvitsgjørande og såleis verke til å brøyte veg for jamstelling». Han meinte at det for Marx hadde vore «heilt klart» at dei økonomiske og sosiale tilhøva (overbyggnaden) kunne verke tilbake på basisen.¹³¹ Sandøy argumenterte difor for at språket kunne ha ei progressiv rolle i samfunnsomveltinga, dersom ein la vekt på det sosiale innhaldet i målreisinga:

Godtar vi at språket òg har ei slik strategisk stilling som eit revolusjonært medvit, vil vi òg kunne slutte at vi kan ta i bruk det nedvurderte språket, underklassemålet, i kampen mot dei herskande kreftene. Det vil verke inn på medvitet og styrke sjølvvørnaden åt folk.¹³²

Han meinte at ein ikkje kunne bruke Stalin sine teoriar om at språket stod utanfor basisen og overbyggnaden, fordi det ville føre til at ein oversåg det sosiale aspektet og berre la vekt på det nasjonale. Sandøy skriv at «[m]ålstriden er nasjonal bare når det nasjonale tener det sosiale, dvs. er ein kamp for den folkelige kulturen og folkemålet».¹³³

3.2.2 Reaksjonære konsekvensar av ei nasjonal line i målreisinga

I sin analyse av målreisinga frå eit historisk materialistisk perspektiv gjorde Helge Sandøy også vurderingar av kva konsekvensar ei nasjonal line ville få for målreisingsarbeidet:

Avviser vi fullstendig at delar av språket høyrer til overbyggingen, slik Stalin gjør, mistar vi den nødvendige innsikta og kjem lett til den løysinga at språket og språkvariantane ikkje er klassemerkte. Dermed grev vi grunnen unna det sosiale innhaldet i målrørsla, og vi endar lett på ei nasjonal line, der ein legg vekt einast på eit nasjonalt særpreg.¹³⁴

¹³⁰ Vekselverknad – at dei påverka kvarandre

¹³¹ Sandøy 1975, s. 30

¹³² Sandøy 1975, s. 30-31

¹³³ Sandøy 1975, s. 54

¹³⁴ Sandøy 1975, s. 30

Sandøy meinte at det ikkje var langt frå ei nasjonal line til å godta talemålsnormering ut frå eit ynskje om å gjere talemålet til folk «betre» og «reinare». Med andre ord meinte han at ei nasjonal line kom til å føre med seg vurderingar av at nokre talemål var «rettare» enn andre. Såleis kan Sandøy tolkast til å meine at konsekvensen av ei nasjonal line ville vere det same som ein fekk av maktmisbruket til overklassen: talemålsnormering, der ein ser delar av språket som meir verde enn andre. Han meinte at om eit nasjonalt syn «skulle vinne fram i målrørsla, ville det bli eit langt steg attover for målideologien og målrørsla». ¹³⁵ Ut frå Sandøy si vurdering ville ei nasjonal line vere til hinder for målreisinga og difor ikkje vere til hjelp for avskaffinga av kapitalismen. Dette ville få altså reaksjonære konsekvensar.

Geirr Wiggen kalla dei som tidlegare hadde stått for ei nasjonal line, for «reaksjonære grupper og talsmenn», og meinte dei «bidrog sterkt til å tilsløre målstrevets sosialpolitiske grunnlag og dermed til å skape en avvisende holdning til målbevegelsen og nynorsk blant arbeiderne». ¹³⁶ Wiggen meinte altså at det nasjonale aspektet hindra målreisingsarbeidet: «Kohts linje er altså ikke at arbeiderne i byene skal ta til å lære nynorsk eller 'landsmål'. Landsmålet er i for stor grad basert på vestnorske former og dels på en etymologisk tilbakeføring som ville gjøre det utjenlig i byene», ¹³⁷ skriv Wiggen. Han meinte at arbeidarane i byane ikkje kjende talemålet sitt att i nynorsknormalen, og dei måtte difor ta til å «lære nynorsk». Dette ville vere til ulempe for dei og dermed ikkje vere ei progressiv løysing, men ei reaksjonær.

I antologien *Språk og politikk* valde Helge Sandøy å trykkje artikkelen *Stalins språkanalyse og den norske målstoda* av språkforskar Lars S. Vikør for å underbygge sin argumentasjon. Vikør meinte at den nasjonale argumentasjonen hadde utspelt si progressive rolle i målreisingsarbeidet: «Da unionen med Sverige var oppløyst og bokmålet hadde sleppt det direkte sambandet med det danske riksmålet (i og med rettskrivinga av 1907), hadde det nasjonale argumentet oppfylt sin funksjon: Frå da av var målreisinga ein strid mot ei innfødd overklasse». ¹³⁸ Vikør retta også sterk kritikk mot Stalin og språkteoriane han hadde utvikla.

¹³⁵ Sandøy 1975, s. 30

¹³⁶ Wiggen (red.) 1973, s. 6

¹³⁷ Hanssen og Wiggen (red.) 1973, s. 14-15

¹³⁸ Vikør i Sandøy 1975, s. 41

Sandøy la hovudsakleg vekt på marxistisk teori i sin kritikk av Stalin, medan Vikør gjekk meir lingvistisk til verks:

Den fundamentale kritikken vi kan rette mot han som språkteoretikar, er etter mitt syn at han her ei statisk språkoppfatning: Synet på nasjonalspråka som fundamentalt einskaplege strukturar tilslører viktige motsetnader og riv språket laus frå den sosiale samanhengen det står i (jamvel om Stalin fleire gonger understrekar at språket er eit samfunnsfenomen). Han gjer den grunnleggande feilen å blande saman omgrepa *nasjonalspråk* og *offisielle språk*, og underordnar dialektane som ‘lågare former’ under den ‘høgare forma’, nasjonalspråket. Dessutan greier han ikkje å skilje mellom sosiolekt og sjargong, som er to heilt ulike ting.¹³⁹

Vikør meinte at «[n]år marxist-leninistane no har lagt seg så sterkt på den ‘nasjonale lina’, må det kome av at dei ikkje finn nokon annan måte å grunngi fenomenet målstrid på i Stalins skrifter». ¹⁴⁰ Han meinte at Stalin sine teoriar var feil, og at dei ikkje kunne nyttast på norske språktilhøve, utanom «ved å underordne dei språklege klassemotsetnadene under den nasjonale einskapen og proklamere motsetninga norsk mot dansk (norskdansk) som det sentrale elementet i striden». ¹⁴¹ Han meinte med andre ord at mål-m-l-arane hadde valt den nasjonale lina fordi det var viktig for dei å finne ut korleis Stalin kunne nyttast i målreisinga, ikkje fordi teoriane hans kunne forklare dei norske språktilhøva på ein god måte. Vikør gjorde ikkje ein marxistisk analyse av målstriden, men han meinte at å «dra fram den gamle Indrebø-nasjonalismen med grunnlag i dei forelda teoriane til Josef Stalin i dag, kan ikkje føre til noko anna enn eit langt tilbakesteg». ¹⁴² Han ser altså ut til å ha meint at konsekvensen av ei nasjonal line ville ha reaksjonære verknader for den norske målreisinga.

3.3 Den nasjonale lina og den norske m-l-ideologien

Det uttalte målet med kampskriftet *Norsk målreising – kamp mellom to vegar* var «å drive fram diskusjonen om kva linje partiet åt arbeidarklassen [AKP (m-l)] og heile kommunistrørsla skal velje andsynes målsprøsmålet her til lands. Altså: ikkje om

¹³⁹ Vikør i Sandøy 1975, s. 35

¹⁴⁰ Vikør i Sandøy 1975, s. 100

¹⁴¹ Vikør i Sandøy 1975, s. 39-40

¹⁴² Vikør i Sandøy 1975, s. 42

kommunistane skal ha ei venleg holdning til målrørsla eller ikkje, men kva politikk partiet sjølv skal stå for i målstriden».¹⁴³ I denne delen av analysen skal eg difor ta føre meg korleis målideologien til mål-m-l-arane kan skjønast i lys av ideologien til AKP (m-l).

Analysane i førre kapittel synte at den nasjonale lina m-l-arane i Studentmållaget i Bergen utforma, kan knytast til ein kulturnasjonalistisk tankegang. Natalia Zubillaga sine funn i masteroppgåva «*Det nasjonale spørsmål*» – *MI-bevegelsens nasjonale diskurs under EEC-debatten og «kampen om Svalbard»* tyder på at m-l-rørsla fekk ei vriding mot det kulturnasjonalistiske. Ifylgje Zubillaga gjekk den norske m-l-rørsla gjennom ei «nasjonal vending» under EEC-striden. Dette innebar at sjølve nasjonsomgrepet deira endra meiningsinnhald: «De begynte med nasjon som forutsetning for demokrati, men endte med den nasjonale klassen».¹⁴⁴ Zubillaga hevda at dette mellom anna hadde ført til eit forsøk på å framstille arbeidarklassen som forvaltaren av «den nasjonale og folkelege kulturen». Dette vart mellom anna legitimert gjennom å knyte det til anti-imperialismen: «Anti-imperialismen var ikke kun en kamp mot økonomiske krefter, men med den fulgte også en kulturell trussel. Disse aspektene er karakteristisk for ml-bevegelsens nasjonalisme», meinte ho.¹⁴⁵ Funna eg gjorde i analysen min av det nasjonale standpunktet mål-m-l-arane tok i målstriden, kan difor seiast å verte støtta av funna til Zubillaga.

3.3.1 Legitimering av det nasjonale standpunktet

I *Kamp mellom to vegar* underbygde mål-m-l-arane det nasjonale standpunktet sitt ved å siterte Josef Stalin. Han skal ha sagt, på den 19. partikongressen i 1952, at borgarskapet, som tidlegare hadde vorte rekna som leiarane for nasjonen, no hadde kasta alle dei nasjonale prinsippa: «No vil borgarskapet selje dei nasjonale rettane og sjølvstende for dollars i byte. Dei har kasta banneret for nasjonalt sjølvstende og nasjonal sjølvråderett over bord».¹⁴⁶ Dette meinte mål-m-l-arane var «heilt rett oppsummert av det skiftet i tilhøvet til nasjonen og dei nasjonale krava som har skjedd i den imperialistiske tidbolken», og at Stalin her hadde fått

¹⁴³ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 11

¹⁴⁴ Zubillaga 2007, s. 102

¹⁴⁵ Zubillaga 2007, s. 103

¹⁴⁶ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 32

støtte av mellom andre Mao og Enver Hoxha (leiar av det kommunistiske partiet i Albania).¹⁴⁷ Dei ser ut til å ha tolka Stalin til å meine at kommunistar difor stod fritt til å bli patriotar og leiarar for nasjonen dersom dei ynskte det.

Det nasjonale spørsmålet var eit gjennomgangstema for AKP (m-l) i 1970-åra. I 1978 vart det gjeve ut eit nummer av m-l-tidsskriftet *Materialisten* med det nasjonale spørsmålet som hovudtema. I artikkelen *Hva er marxismen-leninismens syn på nasjoner og sjølråderett* såg dei til Mao for å klargjere det nasjonale spørsmålet: «Kan kommunistene som internasjonister, samtidig være patrioter? Vi mener at de ikke bare kan, men også må være det».¹⁴⁸ Dei tolka Mao til å meine at det berre var gjennom retten til nasjonal sjølvbestemming at kommunistane kunne rydde vekk splidane, motsetnadene og undertrykkinga imperialismen hadde skapt mellom nasjonane.¹⁴⁹ Dei meinte den rette revolusjonære lina i det nasjonale spørsmålet ville vere slik: «Kampen for nasjonal sjølstendighet og forsvar av sjølråderetten i et kapitalistisk land som vårt, er en viktig del av den demokratiske kampen og kampen for å forberede den sosialistiske revolusjonen».¹⁵⁰

I 1978 hadde partikrisa, som vart skjebnesvanger for AKP (m-l), byrja. Leiinga i partiet var overtydde om at verda stod på randen av den tredje verdskrigen.¹⁵¹ Partiet hadde drive med krigsførebuingar i nokre år, og det vart lagt planar og gjort førebuingar «som kunne plassere AKP i førersetet når kampen mot den sovjetiske okkupasjonsmakten skulle føres».¹⁵² I artikkelen *Marxisme og revisjonisme i det nasjonale spørsmålet* (1978), knytte dei «den kommande verdskrigen» til det nasjonale spørsmålet:

Om vi har ei feilaktig, kontra-revolusjonær linje slik som de moderne revisjonistiske partiene og studentgruppene har i det nasjonale spørsmålet vil dette få katastrofale følger for det norske proletariatet, når krigen bryter ut. Dette betyr at det nasjonale spørsmålet er et svært sentralt område for

¹⁴⁷ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 32-33

¹⁴⁸ Ukjend, *Materialisten* nr. 1/2-78, s. 82

¹⁴⁹ Ukjend, *Materialisten* nr. 1/2-78, s. 82

¹⁵⁰ Ukjend, *Materialisten* nr. 1/2-78, s. 5

¹⁵¹ Sjøli 2005, s. 117

¹⁵² Brekke 2015, s. 196

kampen mot opportunisten og revisjonismen. Her må vi ha klart for oss Lenins tese om at 'kamp mot imperialismen er umulig uten samtidig å kjempe mot opportunisten'.¹⁵³

Dei sentrale elementa som vart trekte fram her, er anti-imperialisme og kampen mot revisjonisme og opportuniste. Det er ikkje noka form for krigsretorikk å spore hjå mål-m-l-arane i 1975, men dei knytte målstriden til anti-imperialismen og dei negative effektane dei meinte revisjonistiske og opportunistiske liner kunne ha for målstriden.

3.3.2 Målstriden som ledd i den anti-imperialistiske kampen

Anti-imperialismen var ein av grunnsteinane i m-l-ideologien. Lenin hevda mellom anna at imperialismen var det høgaste stadiet av kapitalismen.¹⁵⁴ «For alle progressive og revolusjonære er det en selvfølge å slåss mot imperialismen», står det i *Grunnsirkel i marxismen-leninismen Mao Tsetungs tenkning*, ei studiebok frå AKP (m-l) frå 1976.¹⁵⁵ Dette klarte mål-m-l-arane å relatere til dei norske språktilhøva ved å la danskane spele rolla som dei vonde imperialistane. Dei hevda mellom anna at «det finst vitnemål om at det var freistnader på å verje det norske målet mot det danske inntrengjarmålet i heile dansketida».¹⁵⁶

Den anti-imperialistiske kampen var knytt til spørsmålet om nasjonal sjølvråderett, som stod sentralt i målrørsla frå 1800-talet og fram mot unionsoppløysinga i 1905. Dette vart reaktualisert mot slutten av 1960-åra, gjennom ordskiftet kring norsk EEC-medlemskap, som av mange vart sett på som at den norske suvereniteten nok ein gong vart utfordra. Ein slik tankegang var i høgste grad gjeldande for m-l-rørsla, noko kom tydeleg fram gjennom parolar som: «Vest-tysk imperialisme på fremmarsj – forsvar norsk sjølvråderett».¹⁵⁷ I eit hefte frå den m-l-dominerte organisasjonen Arbeiderkomiteen mot EEC og dyrtid (AKMED) skreiv dei mellom anna: «EEC er i hovedsak et imperialistisk angrep på Noregs sjølvråderett»¹⁵⁸ og «EEC-medlemskap vil bety imperialistisk herredømme over Norges folk, naturressurser og

¹⁵³ Ukjend, *Materialisten* nr. 1/2-78, s. 5-6

¹⁵⁴ Ukjend 1976 s. 153

¹⁵⁵ Ukjend 1976 s. 152

¹⁵⁶ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 12

¹⁵⁷ AKMED-hefte 1972, s. 3

¹⁵⁸ AKMED-hefte 1972, s. 3

produksjon». ¹⁵⁹ Mål-m-l-arane meinte at språket var viktig for å distansere seg frå dei imperialistiske kreftene EEC-samarbeidet representerte:

Ikkje minst har vi trong for å utvikle eit norsk fagspråk innanfor alle delar av produksjonen og vitskapane. Nettopp det vil vere heilt naudsynt, og til mektig hjelp, når det norske folket sjølv skal byggje eit næringsliv som er løyst frå imperialistisk binding, og når vi i hovudsak må berge oss sjølve med teknologi. ¹⁶⁰

3.3.3 Kampen mot opportunisme og revisjonisme i arbeidarrørsla

Ein likskap mellom kampskriftet til mål-m-l-arane og AKP (m-l) si studiebok er bruken av nemninga «kamp mellom to vegar». Kampskriftet har «kamp mellom to vegar» som underoverskrift og viser med det til striden mellom den nasjonale og den sosiale linja. I studieboka brukte dei «kampen mellom de to veiene» då dei drøfta spørsmålet om det trongst ein væpna revolusjon for å avskaffe kapitalismen, eller om det var mogeleg med ein fredeleg overgang til sosialismen. AKP (m-l) meinte at

bare dersom arbeiderklassen velger den væpna revolusjonens vei har de muligheten til å seire. Allerede Marx og Engels kjempa for dette synet mot de utopiske sosialistene som hevda at veien til sosialismen gikk gjennom å overbevise borgerskapet om at kapitalismen måtte bli avskaffa. ¹⁶¹

M-l-rørsla meinte at borgarskapet ikkje kom til å gje frå seg makta frivillig, og difor måtte ein velje den revolusjonære vegen. Mål-m-l-arane brukte same argumentasjonen om målreisinga: «Borgarskapet er alt for mykje knytt til norsk-dansken til at det vil gje tapt medan det enno har statsmakta. [...] Fyrst under proletardiktaturet kjem norsken til å bli det offisielle målet for alle nordmenn.» ¹⁶²

AKP (m-l) kalla dei som meinte ein fredeleg overgang til sosialismen var mogeleg, for revisjonistar. Revisjonismen vart omtala som «en borgerlig politisk retning innafør arbeiderbevegelsen», med opphav i Tyskland rundt år 1900. Revisjonistane meinte at

¹⁵⁹ AKMED-hefte 1972, s. 10

¹⁶⁰ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 27

¹⁶¹ Ukjend 1976, s. 211

¹⁶² Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 27

marxismen var forelda, og dei forsøkte å revidere ideologien.¹⁶³ I 1970-åra meinte dei at det fanst revisjonistiske parti i så godt som alle land, og «hovudsetet» låg i Moskva.

Revisjonistane var dei store fiendane, og i «Norge er ‘NKP’ og SV moderne revisjonistiske partier». Dei vart kalla «moderne revisjonistar» fordi AKP (m-l) meinte dei hevda å vere marxist-leninistiske, men at dei i røynda førte ein borgarleg politikk.¹⁶⁴ Arbeidarpartiet fall ikkje innanfor denne kategorien: «DNA kaller vi et reformistisk parti [...] de skiller seg frå de moderne revisjonistene ved at de ikkje en gang formelt har noen tilknytning til marxismen eller leninismen».¹⁶⁵ Summen av dette vart at «DNA, SV og ‘NKP’ representerer ikke arbeiderklassens interesser. De står for ei borgerlig linje, de er borgerskapets partier i arbeiderbevegelsen».¹⁶⁶

AKP (m-l) meinte med andre ord at desse partia hindra arbeidarrørsla i å utspele si progressive rolle. Halvdan Koht er ein av dei mest framstående personane i DNA si historie, spesielt i mellomkrigstida, då partiet byrja å gå vekk frå ein revolusjonær marxistisk ideologi. Dette førte til at mål-m-l-arane kunne trekkje liner til den norske målreisinga og Koht si rolle der: «Då det kom til stykket, fekk Halvdan Koht spele same rolle i [mål]spørsmålet som partiet hans spela i klassekampen i det heile: han liksom partiet var det hjelpemiddelet borgarskapet trong for å hindre at den proletære og revolusjonære linja vart stemneleia til arbeidarklassen».¹⁶⁷

«Koht kom frå Venstre over til Arbeidarpartiet, han drog då med seg ein borgarleg ideologisk arv. [...] Koht må, om han skal døymast objektivt og rettvis, tilkjennast den tvilsame æra å a ført borgarskapet si hovudlinje inn i arbeidarrørsla og kjempa ho gjennom der», meinte mål-m-l-arane.¹⁶⁸ På same måte som DNA var til hinder for at arbeidarane hadde utført, eller kunne utføre, si progressive rolle i samfunnsutviklinga, meinte mål-m-l-arane at Koht og sosialdemokratane hadde hindra arbeidarane i å utspele si progressive rolle i målreisinga:

¹⁶³ Ukjend 1976, s. 232-233

¹⁶⁴ Ukjend 1976, s. 233

¹⁶⁵ Ukjend 1976, s. 233

¹⁶⁶ Ukjend 1976, s. 232

¹⁶⁷ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 20

¹⁶⁸ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 17

Det var det at ei galen hovudlinje vann fram i arbeidarrørsla, som gjorde at arbeidarklassen ikkje vart ei nemnande kraft i norsk målreising. Derfor er det overlag viktig å leggje vekt på striden mellom dei to politiske linjene i målspørsmålet. Oppportunistane seier: 'rørsla er alt, målet er ingenting'. Kommunistane seier at det ikkje er nok å flytte beina, dei må flyttast i rett lei. Det er såleis opportuniste å gjere knefall for den fyrste og beste spontane ideen som kjem fram om språkspørsmål – endå mellom arbeidsfolk.¹⁶⁹

Noko av det dei meinte var feil med den sosiale lina, var ynsket om å reformere nynorsknormalen. Dette var tilfellet for den sosiale lina både slik ho var utforma av Halvdan Koht og av Geirr Wiggen. Det var difor lagleg for mål-m-l-arane å stemple den sosiale folkemålslina som revisjonistisk og opportunistisk. Dei meinte også at dette var grunnen til at tilhengjarane av folkemålslina avviste den nasjonale argumentasjonen i målstriden:

Mange opportunistar reiser bust så snart dei høyrer ord som 'nasjonal', 'nasjonale krav', 'nasjonalspråk' osv. Dei som snakkar i positive ord og vendingar om slike ord og omgrep, blir straks utpeikte som reaksjonære nasjonalistar. Dette er eit umåteleg farleg og tvert igjennom rote straumdrag som ovarar seg som ein mot-tendens i den progressive rørsla. I den imperialistiske tidbolken, og særleg med Noreg i den stillinga landet er i mellom slevande supermakter og andre imperialistar, kan det berre vere imperialismen og sosialimperialismen som kan ha glede av at det nasjonale medvitet blir sløva. Oppportunistane gjer den lagnadstunge feilen å blande i hop progressiv proletær nasjonal politikk med borgarleg nasjonalisme, med sjåvinisme.¹⁷⁰

Dei hevda: «Om ikkje kampen mot revisjonismen og opportunisten i SV blir ført med større styrke i og utanfor det nye partiet, vil det innan fælt kort tid kome til å trakke oppatt dei gamle spora etter DNA, rett nok med noko mindre fotblad».¹⁷¹ Mål-m-l-arane kunne difor argumentere for at målstriden var eit ledd i kampen mot revisjonistar og opportunistar.

3.3.4 Progressive konsekvensar av ei nasjonal line i målstriden

Mål-m-l-arane såg på målreisinga som eit produkt av den borgarlege revolusjonen i Noreg og noko som historisk hadde vorte drive fram av borgarskapet. «Småborgarskapet var

¹⁶⁹ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 33

¹⁷⁰ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 32

¹⁷¹ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 21

hovudkrafta bak målreisinga»,¹⁷² skreiv mål-m-l-arane i *Kamp mellom to vegar*. Problemet, slik dei såg det, var at den borgarlege revolusjonen hadde skapt «to motsatte linjer for å løyse det norske språkproblemet»:¹⁷³

Den eine kravde framhald av tilstanden slik det var – dansk med tillemping til norske tilhøve. Den andre kravde norsk språk atterreist til bruk på alle omkverve av menneskeleg verksemd, respekt for målføra, skriftleg mønsterform bygd på det systemet målføra har sams.¹⁷⁴

Ingen av linene hadde vunne fram, noko som hadde ført til at «problemet med målreisinga vart ståande uløyst etter at borgarskapet hadde gjort sitt, utspela si progressive rolle, og at proletariatet laut arve problemet».¹⁷⁵ Kampskriftet *Norsk målreising – kamp mellom to vegar* vart skriva for å få AKP (m-l) til å ta standpunkt i målstriden, og mål-m-l-arane i Bergen argumenterte for at den rette av dei to målpolitiske linene var den nasjonale lina:

Den strategiske (langsiktige) linja arbeidarklassen må velje i målsprøsmålet, er eigentleg enkelt og greitt å få det norske målet oppreist som målet åt den norske nasjonen, få det innsett som landets einaste mål. Denne oppgåva vart stilt i den borgarlege revolusjonen av småborgaren Ivar Aasen, men (heile) borgarskapet hadde ikkje på nokon måte interesse av å få ho gjennomført.¹⁷⁶

Det dei kalla for «lina til borgarskapet», var alle former for «tillemping av dansk», om det så var riksmålet, samnorsktanken til Halvdan Koht, andre former for reformering av nynorsknormalen eller støtte til det radikale bokmålet. Både Wiggen og Koht bygde linene sine på marxistiske tankar, noko som kan vere er opphavet til denne påstanden:

«Målreisingssoga gjev oss mykje tilfang til å auke medvitet om kampen mellom dei to linene og mellom ekte og falsk marxisme».¹⁷⁷ Mål-m-l-arane meinte at ein laut «vere klare over at det slett ikkje alltid har vore dei som har briska seg mest med ‘marxistiske’ frasar, som har stått for det rette. Vi må trengje gjennom skodda enten ho er spreidd av borgarlege eller såkalla ‘sosialistiske’ åndshøvdingar».¹⁷⁸ Med «sosialistiske åndshøvdingar» er det rimeleg å gå ut frå at mål-m-l-arane fyrst og fremst sikta til Halvdan Koht. Dei hevda at arbeidarklassen

¹⁷² Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 15

¹⁷³ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 13

¹⁷⁴ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 15

¹⁷⁵ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 12

¹⁷⁶ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 25

¹⁷⁷ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 12

¹⁷⁸ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 11-12

kunne vorte den leiande krafta i målreisinga «dersom ikkje den borgarlege linja til sosialdemokratiet hadde kome i vegen». ¹⁷⁹.

Då dei kritiserte Geirr Wiggen for å snakke om ein «ny målstrid» i 1970-åra, hevda dei at «[n]år alt kjem til alt, er ikkje ‘den nye målstriden’ anna enn den tradisjonsrike hovudlinja til borgarskapet innpakka i ‘sosialistiske’ og ‘marxistiske’ frasar». ¹⁸⁰ For å underbygge denne argumentasjonen siterte dei Mao:

Som Mao Tse Tung seier finst ei rørsle av motsetningar i utviklingsprosessen til alle ting ‘frå byrjing til slutt’. Ein ny prosess kan ikkje kome i gang før den gamle einskapen med dei motsetningane som utgjorde den, vik plassen for ein ny einskap med dei motsetningane som utgjør den. Altså kan vi ikkje vente oss at målproblemet i Noreg vil stille seg på nokon ny måte, før den gamle grunnmotseiinga (mellom norsk og norsk-dansk) er løyst. Det er ho tydeleg nok ikkje til denne dag. ¹⁸¹

Mål-m-l-arane meinte at ein ikkje kunne snakke om ei «ny» målstrid før den gamle striden mellom norsk og dansk var løyst. Den progressive rolla til målreisinga, slik dei såg det, ser ut til å ha vore at ho skulle kvitte seg med det danske imperialistmålet og dermed frigjere det norske folket frå språkundertrykkinga.

Mål-m-l-arane såg føre seg at målreisinga kom til å verte eitt av mange middel for å starte den kommande revolusjonen, der omveltinga skulle føre til neste steget i den historisk-materialistiske samfunnsutviklinga:

Kampen for å verne om og reise norsk mål vil ta mange former og kjem til å gå for seg på mange avsnitt. Om han meir og meir blir ført av ei masserørsle, vil målreisinga kunne vinne viktige einiskildsigrar i åra som kjem. [...] Ho vil vere ein av dei mange bekkene som flyt saman med krav om ein anna tilstand, som gjer det stødt vanskelegare for monopolborgarskapet å halde fram som før, og som lærer stadig nye menneske om dei sanne draga til borgardiktaturet vi er underlagde. ¹⁸²

Dette ser ut til å vere i samsvar med ein av Lenin sine tesar: «Den sosialistiske revolusjonen er ikkje en enkelt handling, ikke et enkelt slag på en enkel front, men en hel epoke med

¹⁷⁹ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 28

¹⁸⁰ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 24

¹⁸¹ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 25

¹⁸² Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 29

tilspissa klassekonflikter, en lang rekke slag på samtlige fronter».¹⁸³ Mål-m-l-arane såg føre seg at målreisinga skulle vere ei av mange drivkrefter i den kommande revolusjonen. «Målreisinga blir ein langvarig kamp, og kapitalismen har ikkje så mange levedagar att her til lands», meinte dei.¹⁸⁴

Dersom NMU skulle verte ein av desse «bekkane», var det føremålstenleg å innføre ein demokratisk-sentralistisk organisasjonsstruktur. Det er spor i arkivet til Norsk Målungdom av at mål-m-l-arane forsøkte å innføre ei form for demokratisk sentralisme i NMU i 1970-åra. Det konkrete framlegget som vart fremja, finst dessverre ikkje i det tilgjengelege arkivmaterialet, men av NMU sitt landsmøteterferat frå 1976 kjem diskusjonen kring framlegget fram. Framlegget vart skildra som «ein elitetankegang», med innføring av «bindande fleirtalsvedtak», etter ein demokratisk sentralistisk modell. «Ein kjend diskusjon mellom m-l-arar og andre, som går på grunnleggjande prinsipp om korleis ein organisasjon skal vere», vart det mellom anna hevda. Ein representant omtala også framlegget som «skremmande».¹⁸⁵ Olaf Almenningen skreiv i *Studentar i målstrid* at motstanden mot framlegget var stor fordi det «smakte for mykje av Lenins demokratiske sentralisme».¹⁸⁶ Dei fekk ikkje gjennomslag for å innføre ein slik organisasjonsstruktur i 1970-åra, men den demokratiske sentralismen kom til å spele ei avgjerande rolle i målstriden i 1980-åra, som er tema for det neste kapitlet.

3.4 Delkonklusjon

I dette kapitlet har eg sett målstriden i Norsk Målungdom i 1970-åra i lys av den politiske striden som prega venstresida i norsk politikk i same perioden. Eg har sett på dei målpolitiske ideologiane i lys av dei ulike formene for marxisme SV og AKP (m-l) stod for. Både Geirr Wiggen og Helge Sandøy sine tolkingar av folkemålslina bygde tydeleg på ein marxistisk tankegang. Dei meinte at det nasjonale aspektet ved den nasjonale lina gjorde henne reaksjonær, fordi det var til ulempe for arbeidarane, og fordi ein måtte leggje hovudvekta på

¹⁸³ Ukjend, *Materialisten* nr. 1/2-78, s. 4

¹⁸⁴ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 27

¹⁸⁵ Referat frå landsmøtet i NMU 1976

¹⁸⁶ Almenningen 2003, s. 251

det sosiale aspektet ved målstriden for at han skulle utspele den progressive rolla han hadde potensial til. Den nasjonale lina var bygd på «forelda» teoriar av Josef Stalin og kunne fort ende med talemålsnormering, der nokre former vart vurderte som «rettare» enn andre, meinte Helge Sandøy.

Mål-m-l-arane klarte å relatere målreisingsarbeidet til mange sentrale aspekt ved m-l-ideologien. Dei meinte at målstriden var ein del av den anti-imperialistiske kampen, og kampen mot opportunisme og revisjonisme. Målreisinga skulle også spele ei progressiv rolle ved at ho skulle verte «ein av dei mange bekkene som flyt saman med krav om ein anna tilstand, som gjer det stødt vanskelegare for monopolborgarskapet å halde fram som før».¹⁸⁷ Dei argumenterte samtidig for at det var borgarskapet og sosialdemokratane sin feil at målspørsmålet endå ikkje hadde vorte avklart i Noreg. Dei peika spesielt på Halvdan Koht si rolle i både målrørsla og arbeidarrørsla. Trass i forsøk frå mål-m-l-arane på å innføre ein demokratisk-sentralistisk organisasjonsstruktur i NMU, fekk ikkje dette gjennom i 1970-åra.

Den nasjonale og den sosiale fløya i målstriden i 1970-åra kan seiast å spegle teorien om at marxistar enten ser på nasjonalisme som reaksjonært eller progressivt. Tilhengjarane av folkemålslina meinte at ei nasjonal line i målreisinga ville ha reaksjonære konsekvensar, medan mål-m-l-arane meinte at det var den nasjonale lina som hadde progressive konsekvensar.

¹⁸⁷ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 29

4 Lineskifte i 1980-åra

«Me må føra ein open politisk kamp mot bokmålet, og visa at det aldri kan bli eit eigna nasjonalmål». ¹⁸⁸

4.1 Innleiing

Slutten av 1970-åra og byrjinga av 1980-åra var relativt rolege for Norsk Målungdom, men etter landsmøtet i Orkdal i 1984 bryggja det til ny intern strid i organisasjonen. På landsmøtet vart det valt nytt sentralstyre som var dominert av tilhengjarar av ei nasjonal eittmålsline. Det vart ny strid, med nye aktørar, men med dei same grunnleggjande motsetnadene som i 1970-åra. Striden i 1980-åra vart endå bitrare og meir polariserande enn den i tiåret før, og førte mellom anna til eit målpolitisk lineskifte for organisasjonen. Kva konsekvensar fekk det målpolitiske lineskiftet for den organisatoriske praksisen i NMU? Kva kjenneteikna nasjonalismen i den målpolitiske lina som vann fleirtalet i 1980-åra? På kva måte kan ein skjønne utviklinga i NMU i 1980-åra i lys av dei politiske og ideologiske motsetnadene frå 1970-åra?

M-l-fraksjonen i Studentmållaget i Bergen gjorde at bandet mellom ungdomsmålrørsla og m-l-rørsla var klart i 1970-åra. Det var også midt i stordomstida til AKP (m-l), men mot slutten av 1970-åra gjekk partiet inn i ei djup krise. «I årene 1979 og 1980 var ml-bevegelsen på kanten av stupet. De interne problemene hopet seg opp, og de ble latterliggjort av fiender i alle leire», skriv Hans Petter Sjøli i boka *Mao, min Mao*. ¹⁸⁹ I 1980 og 1981 melde mange sentrale personar seg ut av partiet, og rørsla som i 1970-åra kan seiast å ha vore marginal, men høglytt, forvitra i stor grad, sjølv om partiet AKP (m-l) fortsette å eksistere. Mot slutten av 1970-åra forsvann også m-l-fraksjonen frå Studentmållaget i Bergen, og i 1980-åra var Studentmållaget eit tyngdepunkt i opposisjonen mot den målpolitiske lina NMU førte.

¹⁸⁸ Intervju med Lise Kvande (dåverande leiar i NMU), *Mål og makt* nr. 1-88, s. 11

¹⁸⁹ Sjøli 2005, s. 156

4.2 Målpolitisk lineskifte

Den fyrste halvdel av 1980-åra var prega av eit nært samspel mellom sentralstyret i NMU og Studentmållaget i Oslo. Dette førte til at det målpolitiske synet som var dominerande i SMiO, også var det som fekk gjennomslag i NMU.¹⁹⁰ Det vil med andre ord seie at Norsk Målungdom førte ei sosial line i byrjinga av 1980-åra. Sjølv om den nasjonale lina ikkje vann fram i 1970-åra, forsvann aldri den nasjonalorienterte opposisjonen.

I 1981 sette Norsk språkråd ned ei nemnd som «etter mandatet skulle vurdere ideologi og tradisjon, normer og røyndleg bruk av ordtilfanget i nynorsk».¹⁹¹ Nemnda skulle avgjere om det skulle opnast for eit breiare ordtilfang i nynorsken. Landsmøtet til Norsk Målungdom i 1983 vart spurt om å uttale seg om saka, og det vart lagt fram to forslag til fråsegnar. Desse fråsegnene viser at dei grunnleggjande motsetnadene frå 1970-åra framleis var gjeldande i byrjinga av 1980-åra. Det eine forslaget til fråsegn kom frå landsstyret i NMU:

Me vil slutte oss til det fleirtalssynet som ligg føre som inneber ei utviding av rammene for ordtilfanget i nynorsk. Nynorsken er og skal vere ein samnemnar for dialektane, og for oss er det særst viktig å få fram at det ordforrådet som er nemnt i tilrådinga er ein del av ordtilfanget i dei fleste norske dialektar. NMU vil arbeide for at nynorsken framleis skal vere dialektnær: vi ser på denne tilrådinga som ei støtte til dette synet. Vi trur at ei utviding av rammene for ordtilfanget i nynorsk vil vere med på å sikre stillinga åt nynorsken. Fleire som i dag føler at rammene for nynorsken er for trange, vil kunne finne seg vel til rette. Vi vil likevel peike på at ei utviding av ordtilfanget ikkje bør føre til at meir tradisjonelle skriftspråkformer skal pressast ut.¹⁹²

I denne fråsegna vart det ytra ynske om å utvide ordtilfanget til nynorsken. Dei gav uttrykk for at dette ville gjere nynorsknormalen meir dialektnær, noko som ville føre til at dei som ikkje allereie kjende att talemålet sitt i nynorsken, ville gjere det. Dette er dei same prinsippa som Geirr Wiggen bygde på i 1970-åra, om at nynorsknormalen skulle vere mest mogeleg dialektnær, og at mange brukte bokmål fordi dei ikkje kjende att talemålet sitt i nynorsken. Men i fråsegna var det eit atterhald om at utvidinga ikkje skulle gå ut over dei tradisjonelle formene. Dette er eit syn eg vil hevde skil seg frå språksynet til Wiggen, som ikkje såg nokon verdi i dei tradisjonelle formene, så lenge dei ikkje vart brukte i tale.

¹⁹⁰ Tangen og Pilskog 2003, s. 264

¹⁹¹ Hanto 1986, s. 97

¹⁹² Referat frå landsmøtet i NMU 1983

Den andre fråsegna vart fremja av Bjørn Brox og gav uttrykk for at normalen ikkje skulle utvidast:

NMU vil gå imot fleirtalssynet som ligg føre og som inneber ei utviding av rammene for ordtilfanget i nynorsk. Nynorsken skal vera ein samnemnar for dialektane. Det meiner me nynorsken er. Dersom nynorsken skal bestå som eit sjølvstendig språk, må han ikkje vatnast meir ut med bokmålsformer.¹⁹³

Dette er uttrykk for ei puristisk line fordi Brox meinte at opning for bokmålsformer ville svekkje nynorsken som «sjølvstendig språk». Eg tolkar difor Brox til å meine at bokmålet er eit anna språk enn nynorsk. Dette gjer at det kan trekkjast parallellar til argumentasjonen mål-m-l-arane brukte i 1970-åra, då dei meinte at bokmålet var dansk. Det kjem fram av stemmegjevinga at NMU var delt så å seie på midten, noko som førte til at ingen av fråsegnene vart vedtekne.¹⁹⁴

4.2.1 Nytt sentralstyre og endring av kurs

Trass i at NMU ser ut til å ha vore målpolitisk delt på midten i 1983, kan landsmøtet i Orkdal i 1984 seiast å markere eit markant målpolitisk lineskifte for organisasjonen. Det nye sentralstyret som vart valt, var dominert av eittspråkstilhengjarar. Det nye styret vart valt med akklamasjon,¹⁹⁵ noko som ikkje naudsynlegvis kom av at det var overveldande støtte til ei eittmålsline, men heller at NMU i fleire år hadde hatt problem med å få folk til styret. Dette kjem mellom anna fram i Studentmållaget i Oslo sitt tidsskrift *Mål og makt* der ein «fortvila valnemndsrepresentant» hevda at «[i] andre organisasjonar er det slik at folk flyttar til Oslo for å sitte i sentralstyret. I NMU kjem du inn i sentralstyret fordi du tilfeldigvis skal flytte til Oslo».¹⁹⁶ Dette illustrerer at organisasjonen var i ferd med å sovne inn, etter fleire år med nedgang i aktiviteten og medlemstalet. Denne nedgangen kom truleg på grunn av endringar elles i samfunnet; norsk politikk var prega av ei liberalistisk høgrebølgje. Individet kom meir i sentrum enn det hadde vore i 1970-åra. Dette førte mellom anna til at målsaka, og nynorsken,

¹⁹³ Referat frå landsmøtet i NMU 1983

¹⁹⁴ Referat frå landsmøtet i NMU 1983

¹⁹⁵ Referat frå landsmøtet i NMU 1984

¹⁹⁶ Hoem, *Mål og makt* nr. 1-85, s. 12

var komen under press. Desse tendensane i samfunnet opna for ei aktivistisk line i Norsk Målungdom.

I 1989 framstilte sentralstyret overtakinga i NMU i 1984 slik:

Landsmøtet i 1984 vart eit brot med tidlegare års politikk i NMU, både organisatorisk og ideologisk. Då den noverande leiinga vann landsmøtet i 1984, overtok me so å seia inkje. Frå å vera i attendegang i medlemstal og utan evne til å reisa politiske kampar mellom ungdom, snudde 84-landsmøtet denne utviklinga til eit NMU i vokster med klåre politiske føremål. Denne snunaden verka mellom anna til at organisasjonen byrja sjå nærare på det politiske grunnlaget for samskipnaden.¹⁹⁷

Dei hevda at veksten i åra etter at dei overtok, kom av at dei la stor vekt på det politiske grunnlaget til organisasjonen. Denne vektlegginga ser ut til å ha vore ein klar strategi frå byrjinga. Dette kjem fram av landsmøtepapira frå 1985, der det låg ved ei utgreiing av korleis styret såg stoda i NMU etter å ha styrt i eitt år, og kva planar dei hadde for å betre situasjonen i organisasjonen:

Vi må t.d. ikkje vere redd for linekamp i NMU. Innad må tusen blomer bløme og på det viset skape grunnlag for politisk tenking og analyse som skal gje organisasjonen saker og arbeidsmetodar å byggje organisasjonen samt vinne målsaka på. [...] Løysinga på ein situasjon prega av defensivt arbeid og stagnasjon for organisasjonen er i første omgang meir demokrati, frie diskusjonar og linekampar, intensivering av ideologiske og praktisk-politiske studiar. Ein organisasjon som ikkje fungerer politisk innad, kan ikkje vente å fungere politisk utad!!¹⁹⁸

Roar Madsen, som vart vald til leiar i 1984, hevda på landsmøtet i 1985 at dei målpolitiske motsetnadene i organisasjonen bevisst hadde vorte undertrykte:

I løpet av det siste arbeidsåret har dei sentrale organa i NMU meir og meir vorte merksame på det store problemet som ligg i manglande målpolitisk skoloring i lokallaga. Eit resultat av dette er den bevisste prioriteringa av å få fram dei målpolitiske usemjene som eksisterer. Usemjer som har vorte undertrykte i årevis. Dette har vore skadeleg, både fordi demokratiet har vorte skadelidande (motseiingar har ikkje kome opp), og fordi ei sterkt samnorsorientert fløy styrka posisjonen sin, under dekke av målpolitisk semje. [...] Ein annan føresetnad for ny vekst er at organisasjonen politisk og i praktisk arbeid samlar

¹⁹⁷ Framlegg til årsmelding 1988/89 (DA-0024, Ab-L0001)

¹⁹⁸ Sakspapir til landsmøtet i NMU 1985

seg om hovudmålsettinga i tufta: Å få folk over heile landet til å ta nynorsken, samnemnaren for norske målføre i bygd og by, i bruk.¹⁹⁹

Madsen tolka tufta (av 1976) til å ha som hovudmålsetting at alle skulle ta i bruk det nynorske skriftmålet.²⁰⁰

Det var sett i gang ein målpolitisk offensiv, basert på ei nasjonal eittmålsline, allereie i 1985. Dette kom tydeleg fram av flygebladet «Fram for dialektane», som NMU brukte som utetterretta materiell. Der hevda dei mellom anna at «[d]et einaste skriftspråket som ikkje står i motstrid til dialektane er nynorsken. Nynorsk byggjer på *alle* norske dialektar i bygd og by, og samlar i seg det desse dialektane har felles».²⁰¹ Dei avviste med dette at nynorsken ikkje var høveleg for folk på Austlandet og i byane. Dette er den same argumentasjonen som mål-m-l-arane brukte i 1970-åra. Det vart også hevda at bokmålet dreiv «krigføring» mot norske dialekter: «Bokmålet stammar frå dansk, og har endra seg lite. Det slær like hardt mot norske dialektar som det alltid har gjort, men krigføringa har blitt meir avansert med åra».²⁰² Måten dette vart lagt fram på, tolkar eg som at bokmålet vart tillagt desse eigenskapane for å legitimere at målrørsla skulle gå til motangrep. Dei mana til kamp gjennom kvasse formuleringar:

Skal bokmålet høve for norske dialektbrukarar, må det gje opp sitt eige grammatiske system og bli noko anna enn bokmål. Diverre ligg ikkje sjølvordstankar for bokmålet. Skal nokon ta livet av bokmålet må det bli dialektbrukarane ved hjelp av det skriftspråket som byggjer på dialektane: NYNORSK.²⁰³

Flygebladet tok også føre seg dei ulike formene for bokmål:

For bokmål og bokmål, det kan vere så mangt det, seier folk. Vi har riksmål, moderat bokmål og radikalt bokmål. Riksmål: Den norske utgåva av dansk har sidan 1814 vore danskare enn dansken sjølv. [...] Moderat bokmål er riksmål i demokratisk frakk. [...] Radikalt bokmål er resultatet av eit forsøk på å reformere bokmålet ved å bytte ut konservative former med dialektformer. Men bokmålet har eit grammatisk system som er ulikt dei norske dialektane. Radikalt bokmål blir derfor ikkje noko anna enn vanleg bokmål med tilfeldige innslag av a-endingar og tre kjønn. [...] Bokmålet som undertrykkande

¹⁹⁹ Referat frå landsmøtet i NMU 1985

²⁰⁰ Referat frå landsmøtet i NMU 1985

²⁰¹ Flygeblad «Fram for dialektane» 1985

²⁰² Flygeblad «Fram for dialektane» 1985

²⁰³ Flygeblad «Fram for dialektane» 1985

språknorm vil alltid stå like sterkt dersom vi ikkje rettar slaget mot sjølve bokmålet, i staden for å gradere bokmålet som meir eller mindre undertrykkande, alt kva for dialektområde og 'type' bokmål vi har føre oss.²⁰⁴

Her vart det hevda at alle former for bokmål er like undertrykkjande, om det er riksmål som er «danskare enn dansken sjølv» eller om det er det radikale bokmålet. Dette illustrerer den språklege purismen i den nye dominerande målpolitiske lina.

Denne purismen kom også til syne på landsmøtet til NMU i Trondheim i 1986. Der vart det lagt fram forslag til ei fråsegn, frå Karl Johan T. Bruun-Olsen, om at folk skulle slutte å bruke namnet «Trondheim» og i staden bruke «Nidaros», fordi det var det rette namnet:

I den seinare tida er det stadig fleire som nyttar namne-forma 'Trondheim' på byen. Dette er ei forfalsking og eit tjuveri. Trondheim, eller Trondheimen, er namnet på eit område som strekker seg mykje lengere enn bygrensa strekker seg. Byen har på denne måten stole namnet 'Trondheim' frå dei andre i Trondheimen. Namnet 'Trondheim' er og ei forfalsking, fordi byen heiter Nidaros, osen ved Nidelva. Dette kan ein sjå på gamle kart og i gamle skrifter. Norsk Målungdom samla til landsmøte 14-16 mars 1986 oppmodar difor ALLE til å bruke den rette namneforma, Nidaros. Så vi på den måten får Nidaros som einaste namneform på byen.²⁰⁵

Fråsegna vart ikkje vedteken, men dei som synte støtte til henne, argumenterte med at «[n]amnet 'Trondheim' vart tredd nedover hovudet på det Trøndske-folk under danske-tida».²⁰⁶ Kor mange som støtta dette kjem ikkje fram av det tilgjengelege materialet. I mesteparten av landsmøtepapira blir «Trondheim» brukt, men på framsida av møteboka frå landsmøtet står det «Nidaros». Det er også gjennomgåande at nokre brukar «Bjørgvin» i staden for «Bergen». Dette vart mellom anna gjort på framsida av landsmøteboka til landsmøtet i Bergen i 1983.

Sidan fråsegna ikkje vart vedteken, var truleg ikkje dette ein dominerande tanke innanfor den nasjonale fløya. Men det kan seiast å ha vore eit utslag av ei nasjonal line, og det seier difor noko om den nasjonalistiske tankegangen som prega NMU i 1980-åra. Det kan også koplast til synet på den nasjonale kontinuiteten. Bruun-Olsen ville ta i bruk det «norske» namnet på

²⁰⁴ Flygeblad «Fram for dialektane» 1985

²⁰⁵ Referat frå landsmøtet i NMU 1986

²⁰⁶ Referat frå landsmøtet i NMU 1986

byen, som var det namnet han hadde hatt før dansketida. Han trekte med andre ord lina tilbake til tida før dansketida for å finne det han meinte var det «norske».

Det puristiske synet til Bruun-Olsen kom endå klarare til syne i eit anna framlegg han fremja. Der oppmoda han «alle nynorskbrukarar i Noreg til å betale 16,7% av kringkastingsavgifta». Grunngevinga han brukte for dette, var at «[s]å lenge dei i NRK berre brukar 16,7% norsk, og resten dansk, er det berre rett og rimeleg at dei som brukar denne dansk-norske språkforma betalar for det dansk-norske i NRK». ²⁰⁷ Her skilde han ikkje mellom dansk og bokmål i det heile.

4.2.2 Den nye tufta

Resultatet av den nye målpolitiske lina var vedtaket av ny tuft for NMU i 1987. Det var fyrste gong sidan 1976 tufta hadde vorte endra, og i sentralstyret sitt framlegg til årsmelding frå 1989 meinte dei at «[d]en nye tufta speglar av den offensive lina NMU har køyrd ut dei siste åra, både i ordskifte innanfor organisasjonen og i utettervend materiell». ²⁰⁸ Vedtaket av den nye tufta var det endelege gjennombrøtet for eittmålslina i NMU. Den nye tufta slo fast at «Norsk Målungdom vil arbeida fram den norske målreisingstanken – å gjera nynorsken, samnemnaren for dei norske målføra, til einaste riksmål i Noreg. Dette inneber med anna ein politisk strid mot bokmålet, både som talemålsnorm og som skriftmål». ²⁰⁹

Det puristiske språksynet den nye tufta bygde på, kjem mellom anna fram i dette punktet:

Det nynorske skriftmålet treng korkje gjerast meir norsk eller folkeleg, for å vera eit fullgodt uttrykk for dei samlande draga i målet til det norske folket. I nynorsken har Noreg sitt nasjonalmål, dialekttoppe og samlande på same tid. No når dette skriftmålet er reist, trengst ikkje noko anna norsk skriftmål i Noreg. Det som trengst no, er ei oppvurdering av synet på alle norske målføre som fullgode språkssystem og ei reising av det skriftmålet som byggjer på desse til skriftmålet til det norske skriftmålet. ²¹⁰

²⁰⁷ Referat frå landsmøtet i NMU 1986

²⁰⁸ Framlegg til årsmelding 1988/89 (DA-0024, Ab-L0001)

²⁰⁹ Tufta av 1987

²¹⁰ Tufta av 1987

Her vart det i praksis programfesta at NMU var mot ei utviding av ordtilfanget i nynorsknormalen. Spørsmålet om utviding av nynorsknormalen hadde splitta organisasjonen på midten få år før (jamfør fråsegnene på landsmøtet i 1983), men den nye tufta slo altså fast at normalen ikkje skulle utvidast. Dette er truleg eit teikn på ein demokratisk-sentralistisk organisasjonspraksis. At punktet også slo fast at nynorsken var «nasjonalmålet» til Noreg, kan tolkast i retning av ei underliggjande forståing av at bokmålet var dansk. Analysen har vist at oppfatninga av at bokmålet var dansk, og aldri kunne verte eit fullgodt uttrykk for dei norske dialektene, var dominerande hjå fleirtalet i organisasjonen.

I den nye tufta vart det føydd til eit punkt der det heitte: «Norsk Målungdom ser arbeidet sitt i samanheng med den striden andre folk fører for nasjonal og språkleg frigjering, og stør difor grupper og organisasjonar som reiser strid mot undertrykkjing på slikt grunnlag».²¹¹ Å kople den språklege frigjeringa saman med nasjonal frigjering var i seg sjølv ikkje noko nytt. Det var i tråd med ei nasjonal eittmålsline, der ein kan trekkje parallellar tilbake til Gustav Indrebø i mellomkrigstida. Indrebø meinte at ein ikkje kunne oppnå full nasjonal frigjering i Noreg før målsprørsmålet var avklart. Det som derimot kan seiast å ha vore nytt, er koplinga til andre nasjonale frigjeringsrørsler.

Ein kan skjöne dette i lys av AKP (m-l)-ideologien, som såg partiet sin kamp i samband med nasjonale frigjeringsrørsler elles i verda:

[K]ommunistene [må] gå mot *all nasjonal undertrykking*, innbefatta den borgerskapet i eget land står for. Dette betyr at kommunistene prinsippfast må *gå inn* for nasjonal *sjølråderett*, dvs. *retten* for *enhver* nasjon til å løsrive seg og eksistere som egen stat.²¹²

Eit godt døme på korleis dei i praksis kopla målstriden i Noreg til andre som førte «nasjonal og språkleg frigjering», er eit flygeblad frå Studentmållaget i Oslo frå 1989: «Når bokmålet ikkje er eit norsk skriftmål, er det av di bokmål ikkje har historisk rot i Noreg. Bokmål har vore i Noreg i over 400 år. Engelsk har vore skriftmål i Irland i over 800 år, og irane talar i dag engelsk, men nasjonalmålet er irsk – ikkje engelsk».²¹³ Her skil dei ikkje mellom bokmål

²¹¹ Tufta av 1987

²¹² Ukjend, *Materialisten* nr. 1/2-78, s. 12

²¹³ Flygeblad SMiO 1989

og dansk i det heile, då dei skriv at «bokmål har vore i Noreg i over 400 år». Ved å hevde at tilhøvet mellom bokmål og nynorsk er det same som mellom engelsk og irsk, må samanlikningsgrunnlaget ha vore at i Noreg og Irland har kvar sine nasjonalmål som har vorte undertrykte av språket til ein annan nasjon. Dette syner også tydeleg at ei oppfatning som kan seiast å vere i tråd med tonasjonsteorien hadde gjennomslag i NMU. Dei såg på bokmålet som språket til den danske nasjonen.

I 1987-tufta vart det også gjort ei endring i ordlyden til punktet som handla om samane. Det vart endra frå: «Norsk Målungdom vil stø kampen samane fører for språkleg og kulturell rettferd»,²¹⁴ til: «Norsk Målungdom vil stø den kampen samane fører for nasjonal, språkleg og kulturell frigjering».²¹⁵ Ordlyden vart altså endr frå «rettferd» til «frigjering», og det vart presisert at dei meinte det var ein nasjonal strid. Denne endringa i ordlyden kan også skjønast i lys av ideologien til AKP (m-l). Dei var opptatt av samiske rettar i 1970-åra, og dei såg kampen dei førte som ein anti-imperialistisk, nasjonal frigjeringskamp. I dette høvet såg AKP (m-l) på den norske staten som imperialismakta.

4.2.3 Den organisatoriske praksisen i 1980-åra

Det var framleis koplingar mellom m-l-rørsla og NMU i 1980-åra, sjølv om AKP (m-l) hadde vore gjennom ei krise som førte til at partiet nesten gjekk i total oppløysing. Det er vanskeleg å seie nøyaktig kor sterke desse banda var, men det kjem fram av arkivmateriale frå Norsk Målungdom at Roar Madsen var aktiv m-l-ar. I ein søknad på stilling som reiseskrivar for NMU 1987, skreiv Roar Madsen at han mellom anna var aktiv i «Norges kommunistiske studentforbund (offentleg talsperson for AKP (m-l) sin studentorganisasjon i Trøndelag 87/88)»²¹⁶, ei stilling han også fekk. Tron Øgrim vart invitert til å halde innlegg på eit møte, og dei hadde kontakt med Sigurd Allern og *Klassekampen*, som på dette tidspunktet framleis var offisiell partiavis for AKP (m-l).

²¹⁴ Tufta av 1976

²¹⁵ Tufta av 1987

²¹⁶ Søknad på stilling som reiseskrivar for NMU, 01.07.1987

Noko som kan peike mot at fleire sentrale personar var m-l-arar, er at dei vart skulda av opposisjonen for å vere det. På eit landsstyremøte i 1987 vart det vedteke ei intern fråsegn som tok føre seg at opposisjonen hadde skulda leiinga i NMU for å vere «m-l-dominert»: «Landsstyret i NMU har merka seg dei oppslaga som ymse opposisjons-NMU-arar frå Bergen har fått i pressa i år. Utsegner som t.d. at leiinga i NMU er sterkt ML-dominert, at leiinga er udemokratisk og fanatisk, går att».²¹⁷ Det vart ikkje på noko punkt forsøkt å avvise at leiinga var m-l-dominert. Landsstyret si misnøye med dette var heller at opposisjonen hadde gått ut med skuldingane i media. Dei ville at slike diskusjonar skulle takast internt:

Landsstyret meiner først og fremst at alle dei interne motsetnadene i NMU skal diskuterast (og somme løysast) innetter i organisasjonen og i målrørsla sine blad. [...] Om somme føler trongen til å distansere seg frå NMU og politikken vår gjennom intervju, kronikkar og innlegg i avisene, bør dette likevel vise at dei føler eit ansvar for organisasjonen, ved at dei ikkje prøver å 'slå ihel' andre delar av rørsla gjennom utoverretta tiltak.²¹⁸

Denne misnøya kan skjønast ut frå ein demokratisk sentralistisk tankegang. Det ser ikkje ut til å vere at skuldingane vart gjorde som var problemet, men måten det skjedde på. Ein organisasjon driven etter eit demokratisk sentralistisk prinsipp skulle stå fram som ei eining utetter. Det skulle vere rom for diskusjonar, men berre internt. Det var difor problematisk at opposisjonen hadde teke dette opp i pressa. Sentralstyret hevda i 1989:

So lenge motsetnadane kjem klårt til uttrykk og det vert ført klare ordskifte kring det politiske grunnlaget, verkar desse motsetnadane som ein styrke for organisasjonen og demokratiet i samskipnaden. Skal dette gjerast røynleg, er det heilt avgjerande at alle tek andsvar for å reisa ordskifte og fører desse i organisasjonen.²¹⁹

Difor understrekar dei at slike ordskifte er «ein styrke for organisasjonen og demokratiet», men dei peikar også på at det skulle skje innanfor organisasjonen. Det kunne førast diskusjonar innanfor organisasjonen, men diskusjonane skulle avsluttast så snart det vart gjort eit vedtak, då laut mindretalet underkaste seg fleirtalet.

Dette kom endå tydelegare fram i sentralstyret sitt framlegg til årsmelding for 1988/89, då dei omtala landsmøtet i 1988. Ein kandidat som representerte opposisjonen i NMU, var innstilt av

²¹⁷ Referat frå landsstyremøte i NMU, 1987

²¹⁸ Referat frå landsstyremøte i NMU, 1987

²¹⁹ Framlegg til årsmelding frå sentralstyret 1988/89

valnemnda til plass i landsstyret, men vart ikkje vald inn fordi det kom eit benkeframlegg. Dette førte til at opposisjonen marsjerte ut av landsmøtet.²²⁰

Slik åtferd syner vantande vilje til å godtaka demokratiet i organisasjonen – der Landsmøtet skal vera høgste samlinga – og utmarsjen verka utan tvil demobiliserande på lagsmennene i organisasjonen. I staden for å taka andsvar for standpunkta sine og reisa kamp for dei ute i organisasjonen, svarar ein soleis med å sabotera Landsmøtet med å ganga ut etter å ha tapt valet på ein Landsstyrerepresentant.²²¹

Dei meinte at å ikkje underkaste seg fleirtalsvedtaket, var å ikkje «godta demokratiet i organisasjonen». Dette meinte dei hindra NMU i starte ein målpolitisk offensiv:

Det som skulle verta byrjinga på ein offensiv dei nærmaste fem åra enda med det motsette: I alle dei åra den noverande fleirtalsleia har drive NMU, har det vore store motsetnader mellom fleirtalet og mindretalet. Motsetnadene har vore av reint prinsipiell karakter og i ulike syn på korleis organisasjonen skal drivast. Motsetnadene botnar fyrst og fremst i synet på føremålet med målstrevet og kva innhald norsk målreising skal ha.²²²

Dei framhevar motsetnader mellom «fleirtalet og mindretalet» som noko negativt. Eg tolkar dette som kritikk av at mindretalet ikkje har underkasta seg fleirtalet, slik det er ynskjeleg i ein organisasjon med demokratisk-sentralistisk praksis. Meiningsmotsetnader hindra organisasjonen å utføre ei offensiv line.

Den demokratisk-sentralistiske organisasjonspraksisen førte til at det på landsmøtet i 1989 vart vedteke at «Medlemmar og sympatisørar av Landslaget for Språklig Samling, kan ikkje vera medlemmar i Norsk Målungdom».²²³ Dette var eit forslag Roar Madsen tok opp på eit sentralstyremøte allereie i 1987.²²⁴ Landslaget for Språklig Samling var ein organisasjon som jobba for å innføre samnorsk. Dette ekskluderingsvedtaket kan seiast å ha vorte legitimert av den demokratisk-sentralistiske tankegangen, fordi tufta som vart vedteken i 1987, slo fast ei puristisk eittmålsline. Fleirtalet hadde med andre ord gått inn for denne lina, og dei som støtta samnorsken, var då i mindretal og skulle difor føye seg etter det fleirtalet hadde bestemt. Vedtaket førte til mange utmeldingar frå organisasjonen, mykje grunna at ordlyden presiserte

²²⁰ Framlegg til årsmelding frå sentralstyret 1988/89

²²¹ Framlegg til årsmelding frå sentralstyret 1988/89

²²² Framlegg til årsmelding frå sentralstyret 1988/89

²²³ Referat frå landsmøtet i NMU 1989

²²⁴ Sentralstyremøte 16. februar 1987

at «sympatisørar» heller ikkje kunne vere medlemmer. Dette gjorde at dei i praksis hadde vedteke at folkemålstilhengjarar ikkje var ynskte som medlemmer av organisasjonen.

4.3 Nasjonalismen i 1980-åra

Etter at eittmålslina vart programfesta i den nye tufta i 1987, byrja det å komme tydeleg fram kva nasjonsomgrep lina bygde på. I ei innleiing som blei halden på eit landsstyremøte i NMU 18.11.1987, snakka Anne Hansen Ree frå Oslo Mållag om «målarbeid i byar, med særleg vekt på skolemålsarbeid». Ho argumenterte for at «framgang og gjennomslag for nynorsk skolemål er heilt avgjerande for at den striden vi kjempar skal førast fram til siger».²²⁵ Striden ho refererte til er å gjere nynorsken til einaste riksmål i landet. Ree gjorde eit grep då ho snakka om «nasjonal, kulturell, historisk og demokratisk argumentasjon» som er relevant å undersøkje frå eit nasjonalismeteorisk perspektiv:

Nasjonal, kulturell, historisk, demokratisk argumentasjon. Eg slår desse omgrepa saman fordi dei er alle eit uttrykk for den same politiske og ideologiske tanken, og fordi det eg veit at dåkk som hører på meg no veit vel så mykje om dette som eg sjølv. Same kva munnleg språk vi bruker, treng vi som språkbrukarar eit nasjonalt skriftspråk. Kva grunnlag skal dette skriftspråket bygge på? Det må (språk)historisk knyte dagens språk til fortida åt nasjonen Noreg. Språkarven er utgangspunktet og grunnlaget for vår nasjonale så vel som vår personlege identitetskjennele som moderne samfunnsborgarar. Dette er også grunnlaget for den kulturelle tilknytninga språket skal ha.²²⁶

Ree argumenterte for at «nasjonal, kulturell og historisk argumentasjon» heng så tett saman at det ikkje var naudsynt å skilje dei. Dette peikar tydeleg mot eit kulturelt nasjonsomgrep fordi ho meinte at språket var hovudgrunnlaget for den nasjonale identiteten. Med andre ord ser ho ut til å leggje hovudvekta på det nynorske skriftmålet som kriterium for medlemskap i det nasjonale fellesskapet. Ree peika også på nynorsken som kontinuiteten i historia til den norske nasjonen. Ho hevda også at dei som høyrde på, altså landsstyret i NMU, hadde den same oppfatninga. Dette peikar mot at det kan ha vore brei semje om denne oppfatninga i landsstyret.

²²⁵ Innleiing til landsstyremøte i NMU, 26.11.1987

²²⁶ Innleiing til landsstyremøte i NMU, 26.11.1987

Vidare knytte Ree bokmålet til dansk undertrykking: «Vi vil ikkje ha eit nasjonalt skriftspråk som er ein arv frå ei kulturell utnytting og kolonisering av landet vårt slik bokmålet er det».²²⁷ Slik eg tolkar dette såg ho på bokmålet som eit uttrykk for dansk kultur som difor ikkje var høveleg for bruk av folk som høyrde til den norske nasjonen. Ho hevda også at det faktum at nynorsken hadde sitt opphav i dei norske dialektene, gjorde han meir demokratisk:

Nasjonalspråket skal også i sitt uttrykk vera demokratisk. Når vi no eingong har eit skriftspråk som nynorsk, som bygger på talemålet i alle delar av landet (i større eller mindre grad), så er dette skriftspråket demokratisk 'i sitt vesen'. Alle desse eigenskapane ved det nynorske skriftspråket gjer det til det norske nasjonalspråket.²²⁸

Dette dømet syner at éin einskild person gav uttrykk for tankar som grunna i ein kulturnasjonalistisk tankegang. Kan dette seiast å ha vore gjeldande for fleirtalet i NMU mot slutten av 1980-åra? Ein god måte for å undersøkje om dette reflekterte fleirtalet si meining, er å analysere noko av det utetterretta materiellet til NMU. Det gjev innblikk i kva dei ville formidle til folk utanfor organisasjonen.

I 1988 hadde Noregs Mållag oppe ei sak på landsmøtet om dei skulle byrje å bruke nemninga «norsk» i staden for «nynorsk». I dette høvet sende landsstyret i NMU eit brev til Noregs Mållag, der dei uttrykte si meining om saka:

Ei av dei sakene til landsmøtet i Noregs Mållag som fekk mykje blest i pressa, men lite tid på landsmøtet, var framlegget om å byta ut nemninga 'nynorsk' med 'norsk'. Landsstyret i Norsk Målungdom stør dei som fremja saka på landsmøtet, og vi bed Noregs Mållag syta for at nemningane 'norsk' (eller '(ny)norsk' når det er fare for mistydingar) vert nytta i all utetter- og innetterretta skriftleg bruk.²²⁹

Det kjem fram av brevet at Noregs Mållag ikkje gjorde noko vedtak i denne saka, men NMU sjølve ser ut til å ha byrja å skrive «norsk» og «(ny)norsk», slik dei oppfordra Noregs Mållag til å gjere. Eit døme på bruk av dette i utetterretta materiell er eit flygeblad frå 1988, der dei også ville syne «kva norsk målreising er, og kvifor bokmål ikkje er eit norsk mål».²³⁰

²²⁷ Innleiing til landsstyremøte i NMU, 26.11.1987

²²⁸ Innleiing til landsstyremøte i NMU, 26.11.1987

²²⁹ Brev frå landsstyret i NMU til NM, 31.10.1988

²³⁰ Flygeblad frå NMU, 1988

NMU er ungdomsorganisasjonen til Noregs Mållag. Vi arbeider for at all ungdom i Noreg skal skriva (ny)norsk og slutta skriva bokmål. [...] Vi ynskjer ikkje å tryggja (ny)norsken gjennom lover og reglar, men reisa kamp mellom ungdom og vinna dei for norsk mål og norsk målreising. Difor driv NMU eit aktivt utovervend arbeid.²³¹

4.3.1 Nasjonal identitet

Flygebladet inneheldt også ei kort framstilling av den norske målsoga, noko som gjev eit godt innblikk i kva nasjonsomgrep dei la til grunn for den målpolitiske lina i 1980-åra. Fyrst hevdar dei at bokmålet kom til Noreg då landet var «ein dansk koloni» og samanliknar situasjonen i Noreg med land i Latin-Amerika som har spansk eller portugisisk som tale- og skriftmål, og med Marokko, der mange snakkar og skriv fransk. Dette tolkar eg som eit forsøk på å framheve målstriden som ein del av den anti-imperialistiske kampen. Det kan dermed vere eit uttrykk for koplinga til m-l-rørsla.

Vidare knyt dei den norske lausrivinga frå Danmark i 1814 og til framveksten av nasjonalstatar på det europeiske kontinentet på 1800-talet:

Folk innanfor avgrensa geografiske område hadde vore knytt saman gjennom fleire hundre års hopehav og utvikla særskilde måtar for åtferd, samvære, oppseding osv. og: Det hadde utvikla seg særeigne språk innanfor avgrensa område – nasjonalspråk. [...] Innanfor dei ulike nasjonalstatane vaks det etterkvart fram krav om sjølvstende frå framande og tilfellelege koloniherrar. Dette gjaldt Noreg òg.²³²

Dette er eit klart uttrykk for eit kulturelt nasjonsomgrep fordi dei la vekt på språk og kultur, her uttrykt i form av «særskilde måtar for åtferd, samvære og oppseding», som kjenneteikn på eit nasjonalt fellesskap. Dei avviser samtidig eit politisk nasjonsomgrep ved at dei kalla dei gjeldande statane for «framande og tilfellelege koloniherrar». Med andre ord såg dei ikkje på dei gjeldande politiske institusjonane og territorialstatane som legitime nasjonalstatar.

For å prova at folket innanfor dei geografisk avgrensa områda var særskilde eigne folk, vart det om å leita fram hendingar, soger, segner, eventyr, musikk og språk som kunne prove sambandet mellom fortida og notida for folket. Sambandet mellom fortida og notida ville visa at ei gruppe menneskje

²³¹ Flygeblad frå NMU, 1988

²³² Flygeblad frå NMU, 1988

innanfor eit avgrensa område var eit eige folk, skapt gjennom saga. Eit eige folk som skilde seg frå andre med sitt særeige, t.d. eit særeige språk.²³³

Denne gjennomgangen er som ein rein definisjon av kulturnasjonalisme. Det kan ha samanheng med den aukande interessa for nasjonalisme innanfor academia. Tida frå slutten av 1980-åra og fram mot midten av 1990-åra var ei stordomstid for nasjonalismeforskning både i Noreg og Europa. Det var i denne perioden mellom andre Øyvind Østerud og Øystein Sørensen gjennomførte forskingsprosjekta ved Universitetet i Oslo som denne oppgåva byggjer ein del på. Det kan difor godt tenkjast at det var medlemmer i NMU som henta inspirasjon frå desse forskarane då dei utforma dette flygebladet.

Leiaren av Norsk Målungdom i 1987-1988, Lise Kvande, gav også uttrykk for eit kulturelt nasjonsomgrep i Studentmållaget i Oslo sitt tidsskrift *Mål og makt* i 1988. Det vart trykt eit intervju med dei dåverande leiarane av Noregs Mållag og Norsk Målungdom, der dei vart spurde om «deira syn på ‘det nasjonale’ i målstriden».²³⁴ Dei fekk mellom anna spørsmålet «Kva legg du i omgrepet ‘nasjonal identitet’?».²³⁵ På det svara Kvande:

Det vil de få like mange svar på, som tal menneske de spør. Lat meg seia det slik: Å leita etter, og styrka den nasjonale identiteten vil vera å få eit medvite tilhøve til historia si og kulturen sin saman med resten av folket.²³⁶

Ho peika også på historia og kulturen som avgjerande for den nasjonale identiteten. Dette, saman med flygebladet, illustrerer at fleirtalslina i NMU i mot slutten av 1980-åra bygde på eit kulturelt nasjonsomgrep.

I eit flygeblad frå Studentmållaget i Oslo frå 1989, vart det også gjeve tydeleg uttrykk for eit kulturelt nasjonsomgrep:

Det norske folket kallar seg for nordmenn. Me er ikkje norske av di me har kvit hudfarge og bur innanfor eit avgrensa område. Det er den felles historia til det norske folket som bind oss saman til eitt folk og gjer at me ikkje er tyske eller svenske. Skal me overleva som eit eige folk og vera i stand til å

²³³ Flygeblad frå NMU, 1988

²³⁴ Randmo og Rivedal, *Mål og makt* nr. 1-88, s. 7

²³⁵ Randmo og Rivedal, *Mål og makt* nr. 1-88, s. 11

²³⁶ Randmo og Rivedal, *Mål og makt* nr. 1-88, s. 11

møta verdssamfunnet på trygg grunn, må me ha eit medvit kring vår eiga soge og knyta oss sjølve til denne soga. Difor treng Noreg eit norsk skriftmål – (ny)norsk.²³⁷

Dei trekte fram den felles historia som det viktigaste kriteriet for medlemskap i den norske nasjonen, og det dei meinte knytte folk til den norske historia var det norske språket. Dei peika med andre ord på språket som den nasjonale kontinuiteten. Samtidig som dei la vekt på desse kulturnasjonalistiske kjenneteikna, avviste dei at eit geografisk avgrensa område som kjenneteikn på ein nasjon. Med andre ord tok dei avstand frå dei politisk-nasjonalistiske kriteria for nasjonalt medlemskap.

4.3.2 Nasjonal frigjering

Ein av grunntankane eittmålslina bygde på, var at målstriden i Noreg var ein nasjonal strid: «Målstriden i Noreg har opphavet sitt i motsetnaden mellom norsk og dansk. Dansk kom i bruk her i landet på grunn av det politiske hopehavet med Danmark. I mange hundre år var dansk det einaste skriftmålet i landet».²³⁸ Dei meinte at så lenge bokmålet var i bruk, var ikkje striden vunnen:

Tufta slær (heilt riktig) fast at den norske målreisinga er ein nasjonal frigjeringsstrid, grunna i den nasjonale motsetnaden mellom dei to offentlege skriftmåla i Noreg. Målstriden i Noreg er ikkje løyst so lenge me har å gjera med eit unorsk skriftmål i Noreg, offisielt kalla bokmål!²³⁹

«Den nasjonale motsetnaden» kunne ikkje løysast før alle tok i bruk nynorsken, som dei såg på som det einaste skriftmålet som bygde på dei norske dialektene. På same måte som i 1970-åra meinte dei at bokmålet aldri kunne verte «norsk», sidan det opphavleg stamma frå det danske skriftmålet:

Storparten av folket vil vera best tent med eit skriftmål som byggjer på alle målføra. Eit slikt norsk mål vil gjeva folket meir reising og livskjensle. Det vil føra folk inn i ein skriftkultur dei kan føla seg heime i. Såleis vil det gjeva folket kraft i striden mot framndåk og sosial undertrykkjing. Målstoda i Noreg i dag er til hinder for dette, av di den nasjonale motsetnaden i målstriden enn ikkje er løyst. Med dette meiner vi at storparten av folket talar norsk, men skriv bokmål. Dette opphavelg danske skriftmålet har

²³⁷ Flygeblad frå Studentmållaget i Oslo 1989

²³⁸ Flygeblad SMiO 1989

²³⁹ Framlegg til årsmelding 1988/89

vorte lempa i norsk lei, men er framleis særst merkt av danske målmerke. Det same gjeld det talemålet som byggjer på dette skriftmålet.²⁴⁰

Hausten 1989 skjedde det også eit lineskifte i Studentmållaget i Oslo, som i 1970-åra hadde vore ein av dei fremste forkjemparane for ei folkemålsline. Det hadde sidan 1970-åra vore ein stor opposisjon innan laget som hadde vore eittmålstilhengjarar, men dei hadde aldri hatt fleirtal. Lineskiftet i SMiO kom veldig tydeleg fram ved at noko av det fyrste det nye styret gjorde, var å skipe til ein høgtidskveld til minne om Gustav Indrebø.²⁴¹

17. november var det 100 år sidan målhøvdingen og målgranskaren Gustav Indrebø vart fødd. Oslo Mållag spurde styret i SMiO om eit samarbeid kring ei minnehøgtiding over Gustav Indrebø. Trass i stor usemje kring Indrebøs målsyn og rolla hans i målstriden i mellomkrigstida, fann styret det både rett og tidhøveleg å heidra minnet over Indrebø. [...] Minnehøgtidinga samla kring 40 folk, diverre ikkje so mange frå SmiO. Ivar Eskeland heldt tale. Knut Buen spela norske folketonar og fleire kulturarbeidarar var med å gjere kvelden til ei verdig høgtiding.²⁴²

Dette illustrerer kor konservative og nasjonalistiske delar av NMU hadde vorte på slutten av 1980-åra. Gustav Indrebø sitt syn på det nasjonale aspektet ved målreisinga kan seiast å ha vore gjeldande i NMU mot slutten av 1980-åra. Han meinte, i mellomkrigstida, at å kvitte seg med dansken målet med målreisinga: «So er med då ved sjølve det inste og berande i målreisingi: med å kasta dansken og gjera norsken til skriftmål og offisielt mål att, *velter me av oss ei nasjonal skam*».²⁴³

Utover 1990-åra bevega diskusjonen om nasjonalisme seg over til eit meir teoretisk plan. Dette kjem mellom anna fram av kva artiklar som stod på trykk i *Mål og makt*. Det var artiklar som: *Kva er ein nasjon?*²⁴⁴, *Nasjonalismen – ei velsigning eller ei forbanning?*²⁴⁵, *Nasjonen og det nasjonale spursmålet*,²⁴⁶ Diskusjonen om nasjonalismen bevega seg meir over på det teoretiske planet, og litt vekk frå målreisingskonteksten. Dette har sannsynlegvis samanheng med at folk fekk auka medvit om temaet, samtidig som det var ein ny EU-strid på

²⁴⁰ Flygeblad SMiO 1989

²⁴¹ Tangen og Pilskog 2003, s. 269

²⁴² Halvårsmelding frå SMiO hausten 1989

²⁴³ Indrebø 1976, s. 34

²⁴⁴ Stephen Walton, nr. 1-90

²⁴⁵ Bård Eskeland, nr. 1-91

²⁴⁶ Samir Amin, nr. 1-91

trappene. Eg har difor valt å avslutte oppgåva mi i 1989, fordi dei nasjonalismeteoriske diskusjonane byrja bevege seg vekk frå temaet for denne oppgåva.

4.4 Delkonklusjon

Nasjonalismen i eittmålsline i 1980-åra tok tydeleg utgangspunkt i eit kulturelt nasjonsomgrep. Dei la vekt på felles historie, språk og kultur som kriterium for medlemskap i det norske nasjonale fellesskapet. Språket vart også sett på som den nasjonale kontinuiteten i den norske historia. Norsk Målungdom programfesta ei nasjonal eittmålsline i tufta som vart vedteken i 1987. Mot slutten av 1980-åra ser det ut til at NMU gjekk over til å konsekvent bruke nemninga «norsk», eller i nokre tilfelle «(ny)norsk». Dette gjorde for å framheve at nynorsken var det einaste skriftmålet som representerte dei norske dialektene, og at bokmålet eigentleg var dansk.

Det kjem fram av arkivmaterialet at Roar Madsen var aktiv i m-l-rørsla samtidig som han hadde tillitsverv i NMU. Leiinga vart skulda av opposisjonen for å vere «m-l-dominert», men det kjem ikkje fram av det tilgjengelege arkivmaterialet at fleire var m-l-arar. Den organisatoriske praksisen NMU vart styrt etter i siste halvdel av 1980-åra peikar mot at dei bygde på ein m-l-tankegang. Sentralstyret med Roar Madsen i spissen mana til linekamp for å få gjennomslag for ei nasjonal eittmålsline. Fyrst skulle dei la «tusen blommar bløme» for å få fram dei målpolitiske usemjene, men så skulle heile organisasjonen samle seg om den same lina. Dette er ein tydeleg demokratisk sentralistisk tankegang. Dei oppfordra til interne diskusjonar i organisasjonen, men så snart det var fatta eit vedtak, vart det kravd full lojalitet til det. Mindretalet måtte med andre ord til alltid bøye seg for fleirtalet. Det vart aldri vedteke ein demokratisk-sentralistisk organisasjonsstruktur i lovene til NMU, men i praksis vart organisasjonen styrt etter det prinsippet.

Eit spørsmål ein kan spørje seg er: Fordrar ei målpolitisk eittmålsline demokratisk sentralisme? Dersom det fullt ut skal gjennomførast ei nasjonal eittmålsline, kan ein ikkje gå med på nokon kompromiss. Dersom nynorsknormalen skal haldast så «rein» som mogeleg,

kan det ikkje opnast for bokmålsformer av noko slag. Ein av hovudfunksjonane til ein demokratisk sentralistisk praksis er nettopp å unngå kompromiss. Med ein praksis der mindretalet alltid må bøye seg for fleirtalet, treng ein aldri forhandle seg fram til vedtak alle kan vere samde i.

I 1980-åra byrja NMU å kople målstriden til nasjonale frigjeringsrørsler elles i verda. Denne kopling til nasjonale frigjeringsrørsler elles i verda kan også vere ein indikator på at organisasjonen framleis var knytt til AKP (m-l).

5 Konklusjon

I denne oppgåva har eg undersøkt dei målpolitiske stridane som prega Norsk Målungdom i perioden 1973-1989. Eg har analysert dei målpolitiske linene i 1970-åra, slik dei vart utforma av Geirr Wiggen og mål-m-l-arane i Bergen, frå eit nasjonalismeteorisk perspektiv med vekt på omgrepa politisk og kulturell nasjonalisme. Vidare såg eg på målstriden i 1970-åra i lys av den politiske strida mellom AKP (m-l) og SV, for å undersøkje i kva grad det vart brukt argument som grunna i marxistisk ideologi for å underbyggje haldningane til det nasjonale aspektet ved målreisinga. Til slutt såg eg på korleis ein kunne skjønne den nasjonale eittmålslina, som vann fleirtalet i NMU i 1980-åra, i lys av dei politiske og ideologiske motsetnadene frå 1970-åra.

5.1 Nasjonalismeteorisk perspektiv

Dei nasjonalismeteoriske analysane eg har gjort i denne oppgåva syner at den sosiale folkemålslina, slik ho var utforma av Geirr Wiggen, kan seiast å representere ei form for politisk nasjonalisme. Wiggen la hovudvekta på tilslutning til dei politiske institusjonane og territorialstaten Noreg som kriterium for medlemskap i det norske nasjonale fellesskapet. Med den sosiale folkemålslina ville Wiggen syne at målstriden var ein viktig del av klassekampen, og at det difor var ein strid der arbeidarklassen måtte verte den drivande krafta. Wiggen såg den norske målstriden som ein del av den sosio-økonomiske kløfta mellom ein under- og ein overklasse i det norske samfunnet. Kampen mot «overklassemålet» var for Wiggen ein sentral del av kampen mot overklassen.

Wiggen avviste den norske målstriden i 1970-åra som ein nasjonal strid, fordi han meinte den norske historia var prega av eit skilje mellom to ulike kulturar, ein overklasse- og ein underklassekultur. Han meinte det ikkje var snakk om eit skilje mellom ulike nasjonar. Det kan difor peikast på at Wiggen hadde ei oppfatning som var i tråd med den moderate tokulturlæra. Noko som er gjennomgåande i Wiggen si framstilling av målsoga er fokuset på folkemålet. Han byrja målsoga si med å peike på at det fanst eit norsk folkemål og skriftmål før unionen med Danmark, og sjølv skriftmålet forsvann, heldt folkemålet fram med å

eksistere. Wiggen tillegg folkemålet rolla som nasjonal kontinuitet. Det var også eit element av klasseperspektiv i denne kontinuitetshistoria, fordi det var bøndene og arbeidarane (den sosio-økonomiske underklassen) som hadde halde folkemålet ved lag.

I den nasjonale lina, slik ho vart formulert av mål-m-l-arane i Bergen, vart det lagt vekt på kulturelle faktorar, som etnisitet og historisk opphav, som kriterium for medlemskap i den norske nasjonen. Denne målpolitiske lina kan difor seiast å ha representert ei form for kulturell nasjonalisme. Tilhengjarane av denne nasjonale lina meinte at det norske samfunnet var splitta i ein norsk nasjonal klasse og ein dansk borgarleg overklasse. Denne tanken om at den norske nasjonen var splitta i to ulike nasjonale klassar er i tråd med den radikale retninga av tokulturlæra. Den nasjonale fløya såg ein kontinuitet i det nynorske skriftmålet, fordi det hadde røter tilbake til norrønt. Dei meinte at dialektane hadde vokse ut av det norrøne målet, og at det difor representerte kontinuiteten mellom det gamle og det nye Noreg. Dei var med andre ord opptekne av det historiske og etniske opphavet til målformene, og meinte difor at ein ikkje kunne oppnå full nasjonal frigjering før nynorsken var det einaste riksmålet i landet. Det var difor viktig at nynorsknormalen ikkje vart påverka av bokmålet eller «dansk-norsk» talemål.

Nasjonalismen i målstriden i 1970-åra kan seiast å ha vorte kjenneteikna av to ulike syn på grunnlaget for striden. Den eine sida meinte at det nasjonale omsynet ikkje lenger stod i fyrste rekkje, noko som grunna i ei politisk nasjonalistisk oppfatning om at kriteriet for medlemskap i det nasjonale fellesskapet var tilknytning til dei nasjonale politiske institusjonane. Medan den andre sida var opptekne av det historiske og etniske opphavet til målformene, og meinte difor at ein ikkje kunne oppnå full nasjonal frigjering før nynorsken var det einaste riksmålet i landet.

5.2 Marxismen og det nasjonale

Analysen av målstriden i 1970-åra, i lys av konflikter på den politiske venstresida, synte at dei målpolitiske linene, slik dei vart utforma av Geirr Wiggen, Helge Sandøy, og mål-m-l-arane, kan knytast til ulike former for marxisme. Desse formene for marxisme kan knytast til dei politiske partia SV og AKP (m-l), i den aktuelle perioden. Den historiske materialismen var til stades i Wiggen sin versjon av den norske målsoga, og Helge Sandøy gjorde eksplisitte marxistiske vurderingar av den norske målstriden i 1970-åra. Dei meinte at det nasjonale aspektet ved den nasjonale lina hadde reaksjonære konsekvensar for samfunnsutviklinga. Dei meinte ei nasjonal line var til ulempe for arbeidarane, og at ein måtte legge hovudvekta på det sosiale aspektet. Dette ville føre til at målstriden kunne utspele den progressive rolla han hadde potensiale til. Helge Sandøy meinte den nasjonale lina var bygd på «forelda» teoriar av Josef Stalin, og kunne fort ende med talemålsnormering, der nokre former vart vurdert som «rettare» enn andre.

Mål-m-l-arane relaterte målreisingsarbeidet til mange sentrale aspekt ved AKP (m-l)-ideologien. Dei meinte at målstriden var ein del av den anti-imperialistiske kampen, og kampen mot opportunisme og revisjonisme. Målreisinga skulle også spele i progressiv rolle ved at ho skulle verte «ein av dei mange bekkene som flyt saman med krav om ein anna tilstand, som gjer det stødt vanskelegare for monopolborgarskapet å halde fram som før».²⁴⁷ Mål-m-l-arane forsøkte å innføre ein demokratisk sentralistisk organisasjonsstruktur i 1970-åra, men fekk ikkje gjennomslag.

Den nasjonale fløya og den sosiale fløya i målstriden i 1970-åra kan seiast å spegle teorien om at marxistar enten ser på nasjonalistiske som reaksjonært eller progressivt. Tilhengjarane av folkemålslina meinte at for mykje fokus på det nasjonale aspektet ved målreisinga ville ha ein reaksjonære konsekvensar for den sosialistiske samfunnsutviklinga, medan mål-m-l-arane meinte at den nasjonale lina hadde progressive konsekvensar.

²⁴⁷ Ukjend, *Materialisten* nr. 1-75, s. 29

5.3 Eittmålslina i 1980-åra

I 1980-åra vann ei nasjonal eittmålslina fram i NMU. Lina vart programfesta i tufta som vart vedteken på landsmøtet i 1987. Den målpolitiske lina som vann fleirtalet kan skjønast i lys av dei politiske og ideologiske motsetnadene i 1970-åra, fordi leiinga styrte organisasjonen ut frå ein demokratisk-sentralistisk praksis, sjølv om det aldri vart vedteke ein slik struktur. Eit interessant spørsmål som har kome fram av analysen er om det kan seiast at ei nasjonal eittmålsline fordrar demokratisk sentralisme? Dersom det fullt ut skal gjennomførast ei nasjonal eittmålsline kan ein ikkje gå med på nokre kompromiss, nynorsknormalen skal haldast så «rein» som mogeleg, det kan ikkje opnast for bokmålsformer av noko slag. Med ein demokratisk sentralistisk praksis er ein nettopp kompromisslaus, av den grunn at alle (i prinsippet) skal underkaste seg fleirtalet, i staden for at ein skal inngå kompromiss. Denne praksisen førte til at opposisjonen i NMU marsjerte ut av landsmøtet i 1988, fordi kandidaten deira til sentralstyret vart kasta. Året etter vart det vedteke at medlemar og sympatisørar av Landslaget for Språklig Samling ikkje kunne vere medlemar av NMU.

Sidan den nasjonale eittmålslina vart dominerande i 1980-åra, framstod også ein kulturnasjonalistisk tankegang som den mest framståande.

Mot slutten av 80-åra ser det ut til at NMU gjekk over til å konsekvent bruke nemninga «norsk», eller i nokre tilfelle «(ny)norsk». Dette var for å framheve at nynorsken var det einaste skriftmålet som representerte dei norske dialektene, og at bokmålet eigentleg var språket til ein annan nasjon.

5.4 Forslag til vidare forskning

I denne oppgåva har eg studert den nasjonale og den sosiale fløya i målstriden i 1970-åra med utgangspunkt i to aktørar: Geirr Wiggen og mål-m-l-arane. Dei målpolitiske linene desse aktørane utforma kan seiast å representere kvar sitt ytterpunkt i fløyene i NMU. Ein annan inngang til å forske på perioden er å sjå på fleire aktørar, og gå djupare inn i ordsiftet i organisasjonen. Det føregjekk mellom anna lange og oppheta diskusjonar i avisa *Dag og Tid*, Noregs Mållag si medlemsavis *Norsk Tidend* og liknande forum. Slike undersøkingar vil

kunne skape eit meir nyansert bilete av dei målpolitiske fløyene i striden, enn det denne oppgåva har gjort. Det er også mogeleg å byggje vidare på denne oppgåva med å fylgje utviklinga i NMU utover 1990-åra og 2000-talet.

Eg har lagt vekt på Norsk Målungdom, men det er også mogeleg å undersøkje det målpolitiske ordskiftet i Noregs Mållag i same periode. Det kan gjerast som eit eige studie, eller det kan vere eit komparativt studie som tek utgangspunkt i denne oppgåva som samanlikningsgrunnlag.

Kjelder og litteratur

Almenningen, Olaf 1975, Samnorsk, eittspråkslina, folkemålet. Sandøy, Helge (red.) 1975,

Språk og politikk. Oslo: Det norske samlaget, s. 103-108

Almenningen, Olaf 1981, *Målreising i 75 år*. Oslo: Fonna forlag

Almenningen, Olaf 2003, Frå kamp mot utviklinga til språkleg frigjering, i Almenningen, O, Hoel, O. L, Pilskog, G. M., Tangen, H. *Studentar i målstrid – Studentmållaget i Oslo 1900-2000* Oslo: Det Norske Samlaget, s. 223-254

Angell, Svein Ivar 2002, *Den svenske modellen og det norske systemet*. Oslo: Samlaget

Brekke, Bo 2015, *Tron Øgrim – det revolusjonære fyrverkeri*. Oslo: Aschehoug

Gustavsen, Finn 1967, Den politiske bakgrunnen. Torild Skard (red.) *Ny radikalisme i Norge*

– 34 skribenter i samfunnsdebatten. Oslo: Gyldendal, s. 13-26

Hanssen, Eskil og Wiggen, Geir (red.) 1973, *Måltrid er klassekamp*. Oslo: Pax Forlag

Hanto, Kristian Ihle 1986, *Ideologiar i norsk målreising*. Oslo: Novus

Hoem, Ingunn 1988, NMU – vegen framover. Mål og makt. Nr. 1, 15. årgang, s. 7-12

Hyvik, Jens Johan 2016, *Tokulturlæra i norsk historie*. Oslo: Samlaget

Indrebø, Gustav 1976, *Kva er målreising?* Bergen: Norsk Bokreidingslag

Koht, Halvdan 1973, Arbeidarreising og målspørsmålet. Hanssen, Eskil og

Wiggen, Geir (red.) *Måltrid er klassekamp*. Oslo: Pax Forlag, s. 25-41

Koht, Halvdan 1977, *Norsk vilje*. Oslo: Noregs boklag

Marx, Karl 2000, *Det kommunistiske manifest og andre ungdomsskrifter*. Oslo:

Den norske bokklubbene.

Mjør, Kjersti 2019, *Hjartebank – historia om Oddny Miljeteig*. Oslo: Samlaget

- Randmo, Eli og Rivedal, Ingebjørg 1988, Samtale med mållagsleiarane om «det nasjonale».
Mål og makt. Nr. 1-88, 18. årgang, s. 7-12
- Rossavik, Frank 2011, *SV – Frå Kings Bay til Kongens bord*. Oslo: Spartacus
- Ryymän, Teemu, 2018, Å arbeide med tekstanalyse. Ryymän, Teemu og
Melve, Leidulf (red.) *Historikerens arbeidsmåter*. Oslo: Universitetsforlaget, s. 40-69
- Sandøy, Helge (red.) 1975, *Språk og politikk*. Oslo: Det norske samlaget
- «Skriftstyret» 1988, Til lesarane. Mål og makt. Nr. 1, 18. årgang, s. 1
- Smith, Anthony D. 2010, *Nationalism*. Cambridge: Polity Press
- Stalin, Josef 1975 Marxismen og språkvitenskapen. *Materialisten*. Nr. 1, 3. årgang, s. 44-57
- Sjøli, Hans Petter 2005, Mao, min Mao – Historien om AKPs vekst og fall. Oslo: Cappelen
- Sørensen, Øystein (red.) 1998, *Jakten på det norske – perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet*. Oslo: Gyldendal
- Tangen, Håvard og Pilskog, Geir Martin 2003, I gamle og nye far, i *Almenningen*, O, Hoel,
O. L., Pilskog, G. M., Tangen, H. *Studentar i målstrid – Studentmållaget i Oslo 1900-2000* Oslo: Det Norske Samlaget, s. 255-284
- Ukjend forfattar 1975, Norsk målreising – kamp mellom to vegar. *Materialisten*. Nr. 1,
3. årgang, s. 11-34
- Ukjend forfattar 1976, *Grunnsirkel i marxismen-leninismen Mao Tsetungs tenkning*. Oslo:
Forlaget Oktober
- Ukjend forfattar 1978, Hvorfor er det nasjonale spørsmålet viktig for revolusjonære?
Materialisten. Nr. 1/2, 6. årgang, s. 4-8
- Vikør, Lars S. 1975, Stalins språkanalyse og den norske målstoda. Sandøy, Helge (red.)
Språk og politikk. Oslo: Det norske samlaget, s. 32-43
- Vikør, Lars S. 1975, AKP-lina i målreisinga: attende til sekterisme? Sandøy, Helge (red.)
Språk og politikk. Oslo: Det norske samlaget, s. 100-103
- Weber, Max 1994, The Nation. Hutchinson, John og Smith, Anthony D. (red.) *Nationalism*.
Oxford: Oxford University Press, s. 21-26
- Wiggen, Geir (red.) 1973, *Ny målstrid – artikler og innlegg om språk, samfunn og ideologi*.
Oslo: Novus

Wiggen, Geirr 1975, Samnorsk og bokmål – ei pressisering. Sandøy, Helge (red.)

Språk og politikk. Oslo: Det norske samlaget, s. 117-122

Zubillaga, Natalia 2007, «Det nasjonale spørsmål» – ml-bevegelsens nasjonale diskurs under

EEC-debatten og kampen om Svalbard [masteroppgåve]. Oslo: Universitetet i Oslo

Østerud, Øyvind 1984, *Nasjonenes selvbestemmelsesrett – Søkelys på en politisk doktrine*.

Oslo: Universitetsforlaget

Østerud, Øyvind 1994, *Hva er nasjonalisme?* Oslo: Universitetsforlaget.

Aase, Håkon, 1975, *Norsk målreising – kamp mellom to vegar*. Materialisten. Nr. 1,

3. årgang, s. 11-34

AKMED-hefte: http://www.pdf-arkivet.no/eec/akmed_hefte_04.PDF [15.02.19]

Arkivet til Norsk Målungdom oppbevart hjå Riksarkivet (DA-0024):

Referat frå landsmøtet i NMU 1976

Tufta av 1976

Referat frå landsmøtet i NMU 1983

Referat frå landsmøtet i NMU 1984

Referat frå landsmøtet i NMU 1985

Flygeblad «Fram for dialektane» 1985

Referat frå landsmøtet i NMU 1986

Tufta av 1987

Referat frå sentralstyremøte 16.02.1987

Innleiing til landsstyremøte i NMU 26.11.1987

Søknad på stilling som reiseskrivar for NMU, Roar Madsen, 01.07.1987

Referat frå landsstyremøte i NMU 1987

Brev frå landsstyret i NMU til NM 31.10.1988

Flygeblad frå NMU 1988

Frå legg til årsmelding 1988/89

Referat frå landsmøtet i NMU 1989

Arkivet til Studentmållet i Oslo oppbevart hjå Riksarkivet (DA-0022):

Sakspapir til landsmøtet i NMU 1985

Flygeblad frå Studentmållet i Oslo 1989

Halvårsmelding frå Studentmållet i Oslo hausten 1989